



# *Leidarsteidn*



**Årshefte 2016**  
**Bømlo Tur- og Sogelag**  
Årgang 15

Pris kr 150,-

## Innhald:



Forord.....	s 3
Tillitsvalde i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s 4
Ei bygd - tre bedehus - seks generasjonar Av Nils Henning Vespestad og Bernt Emil Vika.....	s 5
Det startar gjerne med ei vekking Av Nils Henning Vespestad og Bernt Emil Vika.....	s 25
Storbrannen på Espevær 9. august 1950 Av Olga-Marie Bie Kjøpstad.....	s 29
Den store landslutsaka i Bømmelhamn Av Helge Hovland.....	s 41
Anders Torbjørnsen Laurhammer. Bømlingen som ble nordlending Av Roar Lund.....	s 46
Då søringane stilte med eigen russabil Av Nils Henning Vespestad.....	s 51
”Kor vart det tå dei?” Ved Bertha Marie Eidesvik.....	s 57
Baksidbilete.....	s 60

## Vil du bli medlem i Bømlo Tur- og Sogelag?

Du kan bli medlem ved å senda ein mail med  
namn og adresse til [post@b-ts.no](mailto:post@b-ts.no)  
eller kontakta kasserar Øyvind Sæther Monsen  
tlf. 95202537 / [oyvindm77@hotmail.com](mailto:oyvindm77@hotmail.com)

# Forord

2016 har for sogelaget vore året for vedlikehald og restaurering. Alle har sikkert fått med seg kor fin og flott Fridtun har vorte. Her er nesten alt skifta frå innerst til ytterst. Det under kledningen var heilt rote, nummeret før huset datt ned. No er det heldigvis berga for lang tid framover, veldig godt og fint utført arbeid. Det gjenstår litt småarbeid inne, men det kan takast over tid. På Bergeshuset har me litt arbeid å gjera framover, men det er overkommeleg. I Karinestova må me skifta golvet. Det er heilt rote.

Oppsummert så er husa våre no i forholdsvis svært god stand. Det er ikkje noko stort som står for tur, som t.d. med Fridtun. Takka vera god støtte frå Haugesund Sparebank, greidde me berga Fridtun. Ådnahytta har òg vorte malt. Takk til restaureringsnemnda for godt utført arbeid. Det er kjekt å sjå at husa blir brukte. Skulen er ein ivrig brukar av husa.

I år hadde me òg besøk frå Amerika i Hilleborgstova. Forfedrane deira kom derifrå. Dei gav samstundes kr. 1000.- til laget.

Elles har dette året gått som dei føregåande. Under arrangementet på Berge skjærtorsdag var me uheldige med veret, men det var likevel over 100 betalande. Magne Olson sørgde for trekkspelmusikk og god stemning. På kystsogedagane hadde me stand, og Fridtun og Hilleborgstova var opne.

Tursti-konkurransen har gått sin gang, synest å vera svært populært. Er her på gang eit samarbeid med Bømlo Turlag, kjem tilbake til det neste år.

Årsmøtet vårt vart i år halde onsdag 16. mars på Bygdatunet, 12 personar møtte.

I fjor vart Leidarsteidn seld i ca. 600 eksemplar, veldig bra. Tusen takk til alle som støttar oss der. Takka vår eminente redaktør Bernt Emil så kjem Leidarsteidn ut i år òg med mykje spanande stoff. Takk til dei som bidreg der òg. I samband med Leidarsteidn er me interesserte i bilete, så har du gamle bilete og fotoalbum, ta kontakt!

Sogelaget held òg på med eit spanande bokprosjekt for tida, her kan me ikkje gå ut med dato for utgjeving enno.

Her på Sørå Bømlo er me flinke til å ta vare på historia vår. Men det gjeld berre den eldre historia. Det er på høg tid me får oss ny Bygdabok. Trur siste som er nemnt der er fødd i 1972. Altså har nesten tre generasjonar vorte fødte etterpå. Vidareføring av Bygdeboka er ei sak for heile bygda/ kommunen/ næringslivet og enkeltpersonar.

Vil til slutt takka alle som er med og støttar sogelaget enten som medlemmer, kjøparar av Leidarsteidn, eller på andre måtar. Me treng òg nye, aktive folk. Nokre av oss i styret tel på knappane no, då er det godt med nytt friskt blod.

Vil ynskja alle lesarar og medlemmer ei riktig God Jul og eit Godt Nyttår!

Norvald Nyteveit

Leiar

## Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



# Haugesund Sparebank

Sentralbord: 03240

Telefaks: 52705001

[post@haugesund-sparebank.no](mailto:post@haugesund-sparebank.no)

# Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet 16. mars 2016

## Styret

### Faste medlemmer av styret

Leiar	Norvald Nytveit, 1 år (gj.val)
Nestleiar	Bernt Emil Vika, 1 år
Kasserar	Øyvind Monsen, 1 år
Sekretær	Lars Inge Vestvik, 2 år (ny)
Styremedlem	Ellen Vold, 2 år (gj.val)
Styremedlem	Ivar Barane, 2 år (gj.val)

### Varamedl. til styret:

Signe Lønning, 1 år
Gerda Larsen, 1 år

## Arrangementsnemnd

Ivar Barane, 2 år (gj.val)
Bernt Emil Vika, 1 år
Anne Karin Pedersen, 1 år
Torhild N. Vika, 1 år
Lene Pedersen, 2 år (gj.val)
Lene Tendeland, 2 år (gj.val)
Anita Pedersen, 2 år (gj.val)

## Restaureringsnemnd

Bergehuset	Knut Hegle, 1 år
	John Harald Bauge, 2 år (gj.val)
Fridtun og Hilleborgst.	Arne Vorland, 1 år
	Helge Bunes, 2 år (gj.val)
	Odd Bjarne Hovland, 2 år (gj.val)
Kvernhus og Karinestova	Endre Barane, 1 år
	Egil Lodden, 2 år (gj.val)
	Aksel Kønig, 1 år
Saga	Arvid Samdal, 1 år
	Nils Peder Holme, 1 år
Ådnahytta	Lars Inge Vestvik, 2 år (gj.val)
Kvernhus på Bergeseidet	Reinert Hovland, 1 år

## Nemnd for merking av stiar

Bertha Marie Eidesvik (leiar), 2 år (gj.val)
Helge Glærum, 1 år
Ellen Vold, 2 år (gj.val)
Willy Sørenes, 2 år (gj.val)
Sigmund Stensen, 2 år (ny)

## Skriftstyre

Bernt Emil Vika, 1 år
Berge Olson, 1 år
Norvald Nytveit, 2 år (gj.val)
Lars Inge Vestvik, 2 år (gj.val)

## Valnemnd

Signe Lønning, 1 år
Liv Olson, 1 år

## Internett

<http://www.b-ts.no>  
Mail: [post@b-ts.no](mailto:post@b-ts.no)

## Org.nr.

985056761



# Ei bygd – tre bedehus – seks generasjonar

Av Nils Henning Vespestad og Bernt Emil Vika

*«Om jeg er liten eller stor, så er det best for meg på jord.  
Å høre Jesus til, og gå den vei Han vil, for det er det som gjør  
meg lykkelig».*

Barna på stolane syng med på teksten på den handskrivne plakaten søndagsskulelæraren held opp. Den kjente og kjære bedehussongen står igjen på repertoaret for dei minste i bygda denne haustlege søndagsføremiddagen ein gong på første halvdel av 1980-talet. Barna er samla i storsalen i Bømlo bedehus til nok ein søndagsskule. Før møtet har alle vore bortom bordet med den kvite duken, føre talarstolen, og sikra seg små stjernestempel i boka si. Dette er prøvet på at dei har vore til stades, og kvar stjerne tel når eit nytt søndagsskuleår etter kvart skal oppsummerast. Ein stor del av barna i bygda møter opp kvar veke, nokre meir entusiastiske enn andre, for å vera saman, synga og ikkje minst høyra bibelhistoriar illustrert ved at små papirdokker vert flytta rundt på den grøne flanellografen.

I dag, rundt 30 år seinare, er den tradisjonsrike søndagsskulen framleis ein av dei faste, sentrale aktivitetane ved Bømlo bedehus på Vold. Men også mykje anna skjer på bedehuset, no som tidlegare. I denne artikkelen trekkjes linene tilbake til då det heile byrja, via tre bedehusbygningar og fram til det som er stoda i dag.

## Dei første bedehusa

Bedehus er namnet på eit kristeleg forsamlingshus, og vert også omtala som misjonshus eller menighetshus. Omgrepet bedehus stammar frå Bibelen, og er ifølge det brukarstyrte nettleksikonet Wikipedia brukt både av profeten Jesaja og i Markus-evangeliet. Det er rundt 3.000 bedehus i Norge i dag, og om lag halvparten er eigd av store, kristeleg organisasjonar. Resten er i lokal eige, ifølge Store norske leksikon på nett. Bjørgvin er blant dei bispedøma som har flest bedehus, og bedehustradisjonen står særst sterkt i delar av Sunnhordland, som på Bømlo. I gamle Bømlo sokn

har det vore tre bedehus opp gjennom åra, sidan starten for 171 år sidan. Reknar ein 30 år som ein mannsalder, vil det seia i snaut seks generasjonar, det.

Det noverande bedehuset, 60-åringen «Elim», vart vigsla 15. april 1956, og er eigd og drifta av Bømlo Søre Indremisjonsforening. For øvrig er også namnet «Elim» henta frå Bibelen: Elim var ein leirplass under isrealittane si ørkenvandring. Ei rekkje bedehus, misjonshus og kyrkjer heiter «Elim», og då særleg innan pinsemiljøet.

Dei første bedehusa i Norge dukka opp med utgangspunkt i den lavkyrkjelege lekmannsrørsla. I religiøs samanheng er ein lekmann ein predikant utan presteutdanning, og rørsla vaks fram på slutten av 1700-talet. Særleg lekmannen Hans Nielsen Hauge (1771-1824) sette spor etter seg. Han grunnla den kristne rørsla haugianismen tidleg på 1800-talet. Både Hauge og tilhengarane hans, haugianarane, vart forfylgde for brot på det monopolet prestane i statskyrkja hadde til å forkynna Guds ord. Dette var nedfelt i den såkalla Konventikkelplakaten frå 1741. Først då lova vart oppheva i 1842, mange år etter at Hauge var gått bort, vart det fritt fram for norske borgarar å samla seg i religiøse grupper utan innblanding.

Det var først no bedehusa spratt fram, og tok over rolla som husmøta hadde hatt hos haugianarane og andre pietistiske vekkingsrørslar. Dei første bedehusa vart bygde på midten av 1840-talet, i Strand og Hjelmeland i Rogaland. Dette var pionerveksemd som sette djupe spor etter seg i lekmannsrørsla, skriv Arne Berge i artikkelsamlinga «Bedehuset. Rørsla, bygda, folket». Men desse bygningane vart ikkje kalla bedehus frå starten av. Det første forsamlingshuset som ein veit vart omtala som bedehus frå første dag, var «Hauges Minde» i Skien i Telemark. Dette stod klart først i 1850.





*«Fridtun», bygt i 1845, skal vera det eldste bedehuset i landet.  
Huset, som er i Bømlo Tur- og Sogelag si eige, vart restaurert i 2015 og 2016.  
(Foto: Bernt Emil Vika).*

Særleg i dei ytre bygdene på Vestlandet fekk lekmannsrørsla ei sterk stilling. Området frå litt sør for Bergen til kysten av Lister fogderi «*verka som 'surdeig' når det gjaldt kristeleg foreiningsskiping*», skriv Hans Try i artikkelsamlinga nemnd over. Og tettast mellom bedehusa vart det etter kvart i Fjell og på Bømlo. I kvar av desse kommunane er det reist over 20 bedehus. For 15 år sidan vart det talt opp totalt 268 eksisterande, vigsle evangelisk-lutherske bedehus i Hordaland. Ifølge boka «Reise i Bedehusland. Bedehusene i Hordaland» var det Bømlo og Kvinnherad som toppa statistikken. Dei to kommunane hadde 18 bedehus kvar.

#### «Fridtun» – eldst i landet

I 1845 kunne dei første salmane høyrast frå det nye forsamlingshuset «Fridtun» på Hillestveit. Dette var den formelle starten på den lokale bedehussoga, og også her kom inspirasjonen frå Hans Nielsen Hauge. Initiativtakar, og den som førte haugerørsla

inn i bygda, var Knut Pedersen Hillestvedt (1786-1869). Han hadde på denne tida drive garden Hillestvedt (Hillestveit) i 35 år, og skal ha vore den første haugianaren i gamle Finnaas (Finnås) herad. Ein veit ikkje når han vart omvend til ein kristen, men dette kan ha skjedd då den namngjetne haugianaren John Haugvaldstad vitja Bømlo i 1830. Dei to møttes iallfall, går det fram av boka «Haugiansk Frukt», som vart gjeven ut i samband med 100-årsjubileet i Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad i 1964. I «Bømlo Bygdebok. Band VI. Eit øysamfunn i omforming» av Nils Kolle, heiter det dessutan at Pedersen sin dreng, Ola Olsen Hiskjo, vart sterkt gripen av Haugvaldstad sine talar under denne vitjinga. Og saman skal Olsen og Pedersen sidan ha halde mange samlingar, både i heimbygda og langs kysten frå Utsira i sør til Stolmen i nord.

På heimebane sørga altså Pedersen for å få reist forsamlingshuset «Fridtun», som hadde ei stor stove, kammers og gang. Han gav fri grunn, og spanderte det meste av materialane som vart nytta i huset. Omreisande snikkarar stod for bygginga. Dei fekk fri kost og losji heime hos Knut. Bygdefolket stilte også opp på dugnad, og for 171 år sidan sto huset klart til første møte.

Haugianarane stod fram som avgrensa venesamfunn under leiing av ein lokal «eldste». Livsstilen vert gjerne karakterisert som puritansk og dyster, ifølge Store norske leksikon på nett. Utover på 1850-talet skifta rørsle karakter, og danna grunnlaget for indremisjons- og misjonsrørslene. Ja, det Hans Nielsen Hauge og haugianismen stod for, vert av mange rekna som ein inspirator og forløpar for Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap. Selskapet vart stifta i 1868.

På Bømlo vart den lokale indremisjonsforeininga stifta 14 år seinare, 1. nyttårsdag i 1882, og tok etter kvart over ansvaret for «Fridtun». Laget fekk namnet Bømlo Søndre Indremisjonsforening, men heiter i dag Bømlo Søre Indremisjonsforening. Også namna Bømlo Indremisjon og Bømmels Søndenfjeldske Indremisjonsforening dukkar opp i dei skriftlege kjeldene, og det kan i nokre kjelder sjå ut til at sistnemnde har vore den opphavslege skrivemåten. «Før 1882 hadde det vore ei vekking, og det er mykje truleg at dette var ein av grunnane til at det vart skjøpa indremisjonslag. Dinest bør ein nemna at det å organisera eit lag ikkje var framandt for kristenfolket her. Alt i 1855 vart det skjøpa eit misjonslag for Det Norske Misjonsselskap», heiter det i boka «Haugiansk Frukt».

Her går det fram at gardbrukar Helge Vorland var den første formannen i Bømlo Søndre Indremisjonsforening. «Det låg ikkje lett for han å tala, men han var flink å leia. Oftast las han or Luthers huspostill», heiter det. Og stundom skal Vorland ha innleia lesinga slik: «Han er lang, Luther, i dag, men vi får lesa fort». Anders Hovland var ein annan sentral person i det første styret. «Det fall lettare for han å tala, og han vitna ofte i samlingane. Anders hadde eit noko friare syn på lov og evangelium enn somme av dei som rekna seg for haugevener», heiter det vidare i «Haugiansk Frukt».

I 30 år var huset eit reint samlings- og bedehus, og frå 1875 og til langt ut på 1900-talet vart «Fridtun» også nytta til skulestove. Kuriøst


er det nemninga «skolehus» den lokale indremisjonsforeininga sjølv nyttar på eigedommen dei første åra sine, ikkje «bedehus» eller «Fridtun». Eksempelvis heiter det følgjande i ei møtebok frå det første året foreininga eksisterte: «Ved møde den 30. April 1882 i Hillestvedt skolehus innkommet gave til Indremisjonen kr 6,81».

I arbeidet med denne artikkelen er det ikkje brakt på det reine kor lenge «Fridtun» var ein del av garden som Knut Pedersen Hillestvedt hadde drive. I «Bømlo Bygdebok. Band III. Gards- og ættesoge for Bømlo sokn», skriven av Kari Shetelig Hovland, står det at Bømlo kommune kjøpte eigedommen i 1939. Men også gamle Finnaas herad ser ut til å ha vore eigar på eit tidspunkt. Dette er henta frå indremisjonsforeininga si møtebok: «År 1893, 19de Des. forsamledes Indremisjonsforeningen i Hillestvedt skolehus for å samtale om kjøb av dette hus til Bedehus af kommunen. Etter en del diskusjon om sagen blev der votert om de to forslag. Punkt 1. Vi vil kjøbe huset for 1200 kr uten nogen betingelser. 2. Vi vil kjøbe skolehuset til Bedehus hvis det nye skolehus kommer til at stå i Centrum af den nuverende skolekrets. Det siste forslaget bifaltes med 40 mot 3 stemmer der afgaves for første forslag». Tre nye år gjekk før ein overtok huset til odel og eige. Det nye skulehuset i bygda vart reist i 1896, om lag der Sparbutikken i Langevåg bygdatun er no, og må ikkje forvekslas med den neste skulebygningen som i si tid vart grendahus. Nokre av klassane fekk framleis undervisninga si på «Fridtun».

«Fridtun» vart alt i alt nytta som bedehus fram til 1911. Det vil seie i 66 år, dersom ein reknar frå og med då huset stod nytt i 1845. Sidan har «Fridtun» vore nytta til ei rekkje føremål, som bank, trygdekontor, telefonsentral og kontor for Bømlo Elektriske. I dag er huset i Bømlo Tur- og Sogelag si eige, og vert nytta som eit lite bygdemuseum og lager. Museet legg vekt på gamle reiskapar og noko av det huset har vore nytta til opp gjennom åra, men ein finn fint lite som tyder på at dette er det eldste bevarte bedehuset i landet. Elles framstår huset i stor grad som då det vart bygt, og består av ein gang, eit lite rom – eller kammers, om du vil – storsalen, samt eit loftsrom med ei nyare trapp opp frå den vesle gangen. Det er krypekjellar under huset, og opp til inngangspartiet er ei halvsirkelforma steintrapp. «Fridtun» har fått ny bordkledning i løpet av dei siste åra, og så seint som sommaren 2016 vart framsida oppgradert.



*Bedehuset i Olsabrekka 1911 - 1954. På bildet ser ein òg Hilleborgstova og Fridtun. Naustet nede til høgre vart kalla Gabrielsnaustet. (Foto frå Kjell Lønning).*



*Bedehuset i Olsabrekka, Olsabuset og Gabrielsnaustet sett frå Langevåg mot vest. Båtane i forgrunnen er «Norman» og «Norsemann». (Foto frå Kjell Lønning).*





*På biletet ser me Olsabrekka med bedehuset oppe til venstre og Olsabuset til høgre. Personane på bilete er Lydia Svalland (gift Ervesvåg), Maria Paulsen (f. Andal) og kjøpmann Nils Olson. Som ein ser var vegen smal, og det var ingen mulighet for utviding. Bedehuset måtte til slutt vika plassen og flyttast. (Foto frå Janice Olson Bogetveit).*



*Olsabrekka i 2016.  
Bergene der bedehuset stod, til venstre på biletet, er skote bort for å gi plass til breiare veg og gang- og sykkelsti.  
(Foto: Bernt Emil Vika)*



*Biletet syner sannsynlegvis «Gamleforeningens» i samband med ei tilstelling i bedehuset i Olsabrekkå på slutten av 1920-talet.*

*Framme frå venstre: Andrea Møland, Berta Vorland, ukjend, ukjend, Abelone Eidesvik og Gyri Svalland.*

*Bak frå venstre: Bertine Vorland, ukjend, Mathilde (Tilla) Eidesvik, Stina Vorland (Mortens-Stinå), Bertine Vespestad, Kaia Tollevik, ukjend, Anna Vespestad, Kaia Larsen, ukjend og Rakel Hovland.*

*Kjenner du til nokre av dei det står ukjend på - ta kontakt. (Foto frå bedehuset v/ Kristbjørg Kvamme).*

### **Vel 40 år i «Olsabrekkå»**

I 1911 fekk altså søre Bømlo sitt andre bedehus. Indremisjonsforeininga selde då «Fridtun» til Bømlo Privatbank, og bygde nytt bedehus. Dette vart reist i «Olsabrekkå», få hundre meter lenger nede mot Kåso. Ifølge bygdeboka gav Dorthea og Lars Paulsen fri grunn til bedehuset. Mange år seinare, i 1923, vart denne tomta fråskilt frå eigedommen Storhaug.

Styret i indremisjonsforeininga hadde på tampen av 1910 bestemt at det nye bedehuset skulle vere 21 alen langt og 12,5 alen breitt, noko som tilsvarar cirka 13 ganger 8 meter. Ein byggekomité var sett ned, og vart no pålagt «at få huset reist så snart som det lader sig gjøre». Det nye bedehuset fekk namnet «Elim». Ein har ikkje funne nokon grunngjeving for namnevalet.

Første punkt i statuttane, som vart vedtekne 8. november 1911, seier at bedehuset «er oppført med det formål å samle folk om Guds ord». Punkt to lyd slik: «Dette formål søkes nådd ved at der holdes oppbyggelses-, bønne- og vidnemøter, bibellesning og samtalemøter. Alt på

*Guds grunn, og i overensstemmelse med vår kirkes bekjennelse. Dessuten har kvinne- og barneforeninger, som arbeider for kristelige gjøremål, rett til å benytte huset til sine møter og basarer».*

Alle medlemmar i indremisjonsforeininga hadde stemmerett, så sant ein «*har fylt 21 år, og tilhører den lutherske kirke og lever et ulastelig liv*». Vidare seier statuttane mellom anna at styret kunne «*give tillatelse til avholdelse av foredrag av samfunnsgavnlig art*», som barneoppdragelse og søndagsskule. «*All tale og all virksomhet hvorigjennom der ikke går en kristelig ånd må holdes borte*». Framandfolk fekk ikkje halda «oppbyggelsesmøter» utan at nokon lokale kunne gå god for dei. Heller ikkje skulle nokon rasjonalist kunne halda foredrag eller talar på bedehuset.

Godt vaksne bygdefolk hugsar framleis korleis bedehuset såg ut. Vegen opp til huset gjekk ved sida av vegen opp til Storhaug. Utanfor døra var det ei halvsirkelforma trapp, ikkje heilt ulik trappa utanfor Fridtun. Inne i gangen var det ei trapp opp til galleriet, og ved sida av var det eit lite kjøkken med ein vedfyrt komfyr. Det var ikkje innlagt vatn



i bedehuset. Vatn måtte ein henta i ei kjelde ved bekken i Skitnardalen, både ved arrangement og i samband med vasking. Olava «Lava» Vold og Asseline «Lina» Hovland gjorde reint på bedehuset, og hadde også ansvaret for fyringa.

Den no 82 år gamle bømlingen Aud Lønning byrja å reisa som emissær eller predikant for Indremisjonssamskipnaden i 1955. Ho hugsar godt bedehuset i «Olsabrekkå», og fortel mellom anna at kjøkkenet var utstyrt med ein del kjørel. Det var likevel ikkje nok, så ved større anledningar måtte ein ut på bygda for å låna skåler og fat. Då gjekk ein frå hus til hus med ein stor sinkbalje og samla inn. Teskeier og anna lånt utstyr vart merka med tråd i ulike fargar, slik at ein i ettertid visste kven som eigde kva.

På veggen tvers overfor trappa og kjøkkenet var det knaggar til å hengja frå seg klede på. Her var det òg dører inn til litesalen og hovudsalen. Mellom litesalen og hovudsalen kunne ein opna opp veggen med fire dørar, som kunne opnast to og to. Framme i hovudsalen var det eit podium, rundt ein halvmeter høgare enn resten av golvet, og med trapp opp på kvar side. Midt på podiet sto det ein stor talarstol.

Benkane i salen var brunmåla. Bak på benkane var det ei fjøl langs ryggstøet, som dei bak kunne bruka til «bord» når det var matøkt. Veggane var av ubehandla tømmer, og taket var ein umåla kvelving eller himling. Det var ikkje toalett i bedehuset, og vart ein trengd, var løysinga å gå rundt nåva eller å be om å få låna toalettet nede i «Olsahuset».



*Alfred Samdal. (Foto frå Torunn Samdal Olson).*



*Nils Olson og Jørgen Hovland dreiv søndagsskulen saman i mange år. (Foto frå Ingeborg Olson)*



*Kristian Tvedt. (Foto frå Einar Vorland).*



*Jobanna Andal. (Foto frå Einar Vorland).*

Nøkkelen til bedehuset hang for øvrig rett innfor døra i «Olsahuset». Her var det alltid ope, og dei som hadde bruk for nøkkelen kunne gå dit og henta den.

Litlesalen vart ofte nytta til omkleddingsrom, og elles til mindre møte og styremøte. Litlesalen vart også brukt til skule, mellom anna heldt framhaldsskulen til her. Ein stor, rund etasjeomn, til venstre innanfor døra når ein kom inn i hovudsalen frå gangen, sytte for oppvarminga. Vedskier, øks og sag låg under trappa, og ein sagekrakk stod utanfor huset på nordsida. Veden vart kløyvd på trappa utanfor døra.

### Mange foreiningar

Norske bedehus vert nytta til små og store møte, og alt frå lukka lag som bursdagar og gravferder, via korøvingar til lovsang, forkynning, bønnemøte og bibeltimar. Det var stor møteverksemd også i bedehuset i «Olsabrekkå», mellom anna det ein kalla «oppbyggelsesmøter». På onsdagane var det bønnemøte, og på søndagane var det søndagsskule. I mange år dreiv Nils Olson og Jørgen Hovland søndagsskulen saman. Dei vert mellom anna hugsa for at dei gav fine julegåver til dei barna som hadde best oppmøte på søndagsskulen, og for utflyktene til Vespestadhagen på sommarstid.

Elles var Yngres populært. Dette var eit tilbud til ungdommane i bygda, og vart leia av Turid Ristesund. Avhaldslaget hadde også møte i bedehuset, og hadde sin eigen barneavdeling leia av Ingeborg Øie Lodden – kjent som fru Lodden. Musikklaget hadde øvingar i bedehuset, og bidrog

*Biletet syner «Gamleforeningens» på slutten av 1950-talet. Foreningen arbeide for Det Norske Misjonsveskenskap og vart gjerne kalle Lars Lodden sin forening.*

*Frå venstre: Kaia Larsen, Stine Strand, ukjent (debris skjult), Bertine Veststad, Gurine Nilsen, Marie Lønning (debris skjult), Asselina (Lina) Hovland, Karoline Holme, Emma Vorland, Inga Lønning, ukjent (debris skjult), Alice Lønning, Klara Marnes, Nilsine Lønning, Kristiane Eidesvik, Henriette (Tette) Hovland, ukjent (forun flaggstang), Ingeborg Vestvik, Helene Eidesvik, Agnes Eide, Inger Kolbjørnsen (debris skjult), Gyri Svalland og Inga Verøy Vestvik. Mannen framme til høgre er omissser Gåsland. Dei to andre mennene er ukjende. (Foto frå Johanna Aga).*







*Tørres Lodden og Ingeborg Øye Lodden var aktive i bedehusmiljøet. Her med barna Gerd og Bjørg. (Foto frå Bjørg Sakseid).*



*Bedehuset på Vold på 1950-talet. (Foto frå Lars Inge Vestvik).*

ofte på møta. Det var mange juletreffar, i ulik regi: Både Blå Kors-festen og husmorlaget sin eldrefest var ein tradisjon. Då eldrefesten var slutt, var det vanleg at ungdommen fekk komma inn. Då fekk dei eta restar av maten, og så var det gang rundt juletreet. Det var alltid populært. Frelsesarmeen arrangerte også juletreffar.

Bedehuset fekk dessutan raskt sin eigen ungdomsforeining. Stiftinga vart omtala på denne måten i foreininga sin protokoll: *«Søndag aften den 15de Mars 1914 samledes efter oppfordring av A. Samdal og K. Tvedt en del ældre og ungdom i «Smaasalen» i Bedehuset «Elim», for at samtale om at danne en kristelig ungdomsforening. Møtet begynte med bøn om at vi maatte enes om denne gjerning, og at den maatte bli os og vore medmennesker til gavn og evig velsignelse og Gud til ære»*. Foreininga vart kalla Bømmel Kristelige Ungdomsforening, og skulle ha til formål *«at fremme sand kristelig liv blant troende ungdom, at bringe Kristi evangelium til de uomvendte, og at indby til foreningens og Indremisjonens møter, samt at besøke syke og fattige»*.

Kristian Tvedt vart første formann, Johanna Andal nestformann, mens Lars J. Vespestad vart sekretær frå starten av. Foreininga skifta seinare namn til Bømlo Kristelige Ungdomsforening, og årsmeldingane frå mellomkrigstida viser at det var ein særskild aktiv foreining. Nokre år var det godt over 40 møte, i tillegg til styremøte og festar. *«Den sidste av disse fester var serdeles hyggelig. Guds ånd var mektig tilstede, og vi følte alle det hellige samfund blant brødre og søstre»*, heiter det om medlemsfesten i romjula 1931 i den påfølgjande årsmeldinga.

Det er ingen tvil om at bedehuset var ein viktig samlingsplass og institusjon i bygda. Men det var trangt om plassen, både i møtesalane og på kjøkkenet, og i tillegg var ein utan vatn og eige toalett. Tomta var lita, og det var ikkje plass til å parkera bilar her. Etter kvart måtte ein innsjå at bedehuset var for lite. Allereie i mellomkrigstida vart det snakka om at det hadde vore kjekt med eit større hus. Tomta var ikkje eigna til utbygging, og i fredsåret 1945 beslutta styret at ein måtte ut og sjå seg om etter ei ny tomt. Valet fall på ein parsell som indremisjonsforeininga fekk kjøpt av Alfred Vold, i vestre enden av jorda hans. Kontrakta vart signert i oktober 1945, og tomteprisen var 800 kroner. Ifølgje bygdeboka vart salet tinglyst våren 1946.

## Flytting til ny tomt

Mange var skeptiske til at ein skulle riva det fine bedehuset. Og framleis gjekk det mange år før ein gjekk vidare med saka, og fekk på plass detaljane. Hausten 1951 tok krinsmøtet stilling til to alternative løysingar, som begge kravde at det eksisterande bedehuset vart rive og flytta til den nye tomta like ved skulen – det framtidige grendehuset: Det eine alternativet var å reisa eit forlenga nybygg på den nye tomta, mens det andre alternativet var å bygga på eit vinkelbygg. Sistnemnte fekk fleirtal. Våren etter justerte ein planane for nybygget noko. Bedehuset ville no bli ståande ein meter lenger fram på tomta enn det ein så langt hadde sett føre seg, og dermed meir fritt. I tillegg vart det no kjellar på nybygget. Våren deretter igjen avgjorde styret at flyttinga skulle gjerast snarast råd, og dersom mogleg allereie sommaren 1952. Slik gjekk det ikkje. Først i mai 1954 byrja rivinga av det gamle bedehuset, og arbeidet med å flytta materialane over til den nye tomta.

Nybygget var teikna av Johannes Staveland, og vart i løpet av det neste halve året reist dels på dugnad, dels av tilreisande fagfolk. Det nye hovudbygget vart like stort som det gamle bedehuset, men hadde altså kjellar og eit tilbygg i tillegg. *«Huset ble gjort ferdig hva møtesaler, gang og galleri angår, og tatt i bruk første juledag 1954. Men på grunn av at kjelleretasjen bare var delvis ferdig, ble innvielsen utsatt til 15. april 1956. Da sto huset i ferdig stand»*, skriv Alfred Samdal i eit referat etter innviinga av det nye bedehuset.

Søndag 15. april 1956 vart altså huset offisielt vigsla av generalsekretær Gustav Ballestad frå Det Vestlandske Indremisjonsforbund. Dette var ein festdag i bygda, med eit strålende vêr. Svært mykje folk var til stades, både frå søre Bømlo og frå nabobygdene i Moster og Bremnes. Samdal anslår at kring 500 personar var med på innviinga. *«Formannen i den stedlige indremisjonsforeningen, Math. Eidesvik, ønsket velkommen. Og formannen i bedebestyret, Jobs. Lønning, gav en utgreiing like fra det forrige bedehus vi hadde til nå»*, skriv Samdal.

Folket i bygda fekk ros for offerviljen sin, både både når det galdt pengar og dugnadsarbeid. Vidare vart eit heilt nytt orgel – også det ei gåve – nemnt. Dei 500 frammøtte fekk mellom anna høyra at huset hadde ein samla kostand på 160.000 kroner. Gjelda på vigslingsdagen var på 30.000 kroner.



*Musikklaget spela og song under innviinga 15. april 1956. Frå venstre: Ole Thompson, Henrik Røykenes, Asbjørg Hovland, Jenny Ingebrigtsen, Kåre Steinsund, Aud Lønning, Hillborg Eidesvik (delvis skjult), Udna Nilsen, Kjellaug Lodden, Kirsten Lønning, Erling Eide, Harald Johnson, Herdis Lønning, Edvin Kallevåg, Knut Brakestad, Borgine Brakestad og Rudolf Hovland. (Foto frå Aud Lønning).*



*Frå innviinga av bedehuset på Vold 15. april 1956. Framme på podiet sit frå venstre Henrik Røykenes, Jørgen Hovland, Alfred Samdal, Tørres Lodden og Enok Eide. På talarstolen Gustav Ballestad frå det Vestlandske Indremisjonsforbund og ved orgelet Knut Brakestad. (Foto frå Erling Eide).*





*Kjøkkengjengen i aksjon under innviinga 15. april 1956. Frå venstre: Helene Vespestad, Nilsine Lønning, Eli Tvedt, Marie Eidesvik, Inger Kolbjørnsen, Agnes Eide, Gudrun Vorland, Solveig Steinsund, Aslaug Hovland og Borgine Brakestad. (Foto frå bedehuset v/ Kristbjørg Kvamme).*



*Bedebusstyret i 1956. Frå venstre: Mathias Eidesvik, Johannes Lønning, Ole Thompson, Torvald Hovland, Berner Lodden og Knut Brakestad. (Foto frå bedehuset v/ Kristbjørg Kvamme).*



Samdal skriv at Ballestad leverte ein «*åndsbåren tale som grep sterkt i den store forsamlingen*». Vidare las «*fire av bygdens menn*» kvart sitt skriftord: Jørgen Hovland, Alfred Samdal sjølv, Tørres Lodden og Enok Eide. Deretter vart huset innvia og erklært opna. «*Etter formiddagsmøtet samlet folket seg i den store og lyse matsalen, hvor der ble servert nydelig betasuppe med kaffe og kaker. Kjøkkenpersonalet med oppvartere gjorde sine saker godt*», oppsummerer Samdal.

«*Ettermiddagsmøtet ble benyttet til hilsener fra representanter for de forskjellige organisasjoner. Pastor Valle åpnet med å hilse fra kirken*», skriv Samdal, og nemner elles dei ande organisasjonane som sende sine helsingar: Det Vestlandske Indremisjonsforbund, Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad, Norsk Luthersk Misjonssamband, Det Norske Misjonsselskap, Sjømannsmisjonen og Santalmisjonen. «*Til sist fikk vi en hilsen fra ungdomsarbeider Henrik Røykenes, og noen vitnesbyrd fra troende venner i nabobygdene. Bømlo Musikklag, som så ofte synger på våre møter, sang også den dagen, til glede for oss alle. Og så var denne velsignelsesrike dagen om Guds ord til ende. Vi skiltes med de tilreisende venner, takkende for et godt samvær, og gikk glade heim både over det vi hadde hørt – og for huset vi har*», avsluttar Samdal.

Ein vart framleis sitjande med tomta i «Olsabrekkå», og først i oktober 1959 vart eit eventuelt sal tema for styret i bedehuset. I referatet heiter det at formann Johs. Lønning «*refererte takster og pris vedrørende gamle bedehustomten som riksveien har tatt en del av. Styret blev enig om å tilby Bømlo kommune tomten for kr 1000*». Ifølge bedehuset sine eigne protokollar, vart eigedomsretten til 150 kvadratmeter i «Olsabrekkå» overdratt til Statens vegvesen i november 1986. Dette var i samband med byggjinga av gang- og sykkelvegen, som går nett der huset låg. Det er få spor etter bedehuset på staden i dag, men ein kan framleis finna murstein på flata under den store grana som kvart år gjer teneste som juletre i bygda.

### Frå dør til dør med lister

Årsmøteprotokollane viser at ein organiserte fleire pengeinnsamlingar for å få råd til flyttinga. I tillegg bad ein om private lån frå fleire i bygda. Kort sagt var økonomien ei utfordring utover heile 1950- og 1960-talet. På eit krins- og årsmøte i juni 1956 vedtok ein å dra i gong ei innsamling til bedehuset. Innsamlinga vart, som i flyttingprosessen, gjennomført ved «*å gå rundt med lister*». Dette var ein vanleg måte

å samla inn pengar på i mange bygdesamfunn: Ein gjekk frå dør til dør, og frå gard til gard, med innsamlingslister der folk teikna seg for den summen dei ville gje. «*Det er då synleg for andre kva ein gir. Ja, det er nettopp eit poeng ved denne innsamlingsforma*», hevdar Olaf Aagedal i boka «Rapport frå Bedehusland». Mange stader vil ei slik innsamlingsform gje meir pengar i kassen enn ved å leggja giroblankettar i postkassa, der ein gjer meir anonyme gåver til føremålet.

Også i 1957 tok styret til orde for nok ein dør til døraksjon med lister, for å «*prøva å få inn meir pengar då det endå står att ein del arbeid for huset er ferdig*». Innsamlinga resulterte i ein fin pengesum etter pengeverdien på den tida, vel 3500 kroner. Året etter vart det ny listeinnsamling.

På årsmøtet i august 1959 vart innvendig måling av bedehuset teken opp til drøfting. Ein gjekk no inn for å måla huset, «*etter at skulda var såpass nedbetalt*». To månader seinare slo styret fast at ein måtte prøva å få inn midlar til arbeidet gjennom gåver. «*Hvert styremedlem fikk i oppdrag å ta ut folk å gå med innsamlingslister nu i høst*», heiter det i referatet.

I 1959 og 1960 vart huset måla, lakkert og tapetsert innvendig. Årsmøteprotokollen frå august 1960 viser at mykje arbeid vart gjort. No gjekk ein laus på nye investeringar: «*Det vart vedteke å kjøpa inn middagsservice, då ein kunne få eit svært rimeleg tilbod frå Thaulé i Haugesund*», heiter det. Ein ville forsøka å dekkja kostnaden ved eit lynlotteri. Allereie i oktober ser styret ut til å konstatere at det vart ein vel stor investering. Middagsserviset til 150 personar kosta 1500 kroner, og styret slår fast at dette var «*en litt tung utgift for kontantbeholdningen i kassen*». Økonomien var ikkje så god som den burde, og ein vedtok å organisera ei ny innsamling med lister den kommande våren. Styret tok også andre grep, som ein kjem tilbake til seinare.

Grepa må ha vore vellykka, skal ein tru protokollen frå styremøtet i oktober 1961: «*Trods store utgifter har her dette året vært bra balanse*», heiter det her. Så er det ein roleg periode på den økonomiske sida, før styret skriv følgjande vel tre år seinare – etter at ein hadde avvikla styremøte nummer to i løpet av fire dagar: «*I møte 20. november 1964 drøfta ein bedehuset sin økonomiske stode. Ein fann då ut at noko måtte gjerast, då kassen var tom, og fleire ting måtte ordnast i huset. Vedtak*



*Frå ei tilstelling i bedehuset. Frå venstre: Eli Tvedt, Karen Tvedt, Inger Vespestad, Elisabeth Vorland, Enok Eide, Hilda Hovland, Eli Vespestad, Bertine Vespestad og Asseline (Lina) Hovland. (Foto frå Ingvald Hovland).*

*vart ikkje gjort då, difor tek ein dette opp no igjen. Etter å ha drofta kva måte som kunde vera den beste, og som vilde gi det beste resultatet økonomisk, fann ein å måtte gå med lister rundt på kvar gard». Dei ansvarlege vart plukka ut, og innsamlinga starta.*

### **Utleige av lokale**

Samstundes var det naudsynt å sikra seg inntekter ved utleige av huset. På eit styremøte i 1956 vart det vedteke at bedehuset skulle ha ti prosent av kollekten i avgift for eit pågåande ungdoms- og bibelkurs. Den same prosentdelen skulle betalast ved stemmer på bedehuset, mens ein kravde fem prosent av kollekten ved det ein kalla vanlege møte. Summen vart midlertidig auka til ti prosent etter storinvesteringa i middagsservise til 150 personar hausten 1960. Også i dag vert leigeprisen ved møter og basarar rekna ut frå kollekt eller salsinntekter.

Fleire lag brukte bedehuset allereie frå starten av. Mellom anna lånte Bømlo Fiskarlag rom i kjellaren til kurs hausten 1957. Leiga er ikkje oppgjeven.

Derimot er det klart at Det Norske Misjonsselskap måtte betala 50 kroner per dag medan utstillinga «Til Jordens Ender» vart vist fram hausten 1959. Blå Kors betalte 40 kroner for eit stemne den føregående sommaren. «Elles vart det vedteke at husmorlaget betalar kroner 25 til bedehuset for tilstelninga og bruk av straum o.a. jonsokafsta», oppsummerte ein etter styremøtet i august 1959.

I desember samme år sa styret samrøystes ja til ein førespurnad «fra menighetsrådet om å få bruke bedehuset i vinterhalvåret til kirkelige handlinger». Ein eventuell pris er ikkje oppgjeven. I desember 1962 fekk ein privatperson låna bedehuset «i det høve å stelle til ein fest for ungdommen i bygda». Heller ikkje her er pris eit tema. Derimot er det på det reine at Indremisjonssamskipnaden måtte betala 200 kroner i husleige i høve årsmøtet sitt på søre Bømlo sommaren 1963. I tillegg måtte ein ut med 105 kroner i leige for middagsserviset. Sommaren 1966 tok ein 150 kroner for å leiga ut huset til eit bibelkurs i same regi, samt 150 kroner for bruk av

bestikk. Straumrekninga på 33 kroner vart også sendt vidare. Frå mai 1968 er det oppgjeve at dei foreiningane som brukte rom i bedehuset til sine samkomer, skulle betala fem kroner per gong.

Gjennom heile 1950-, 1960- og 1970-talet ser det ut til å ha vore mange leigetakarar på bedehuset. Dette var før grendahuset, og med unntak av skulen var det få lokale i bygda som passa til større treff og møte. Dei fleste ser ut til å ha fått ja på sine spørsmål om å få låna huset. Eit sjeldan unntak finn ein i protokollen frå styremøtet 14. april 1970: Ein predikant frå ei pinseforsamling hadde spurt om å få låna huset til møteverksemd. Predikanten fekk avslag, og styret viste til at statuttane for huset ikkje opna for slik verksemd.

Også kommunestyret i gamle Bømlo kommune nytta bedehuset til sine møte. Dette vart eit tema på styremøtet i oktober 1960: «*Då kommunestyret som regel har bevertning ved sine møter, og dermed bruker strøm som bedehuset må betale, blev styret enig om å ta en avgift for hver gang kjøkkenet blir brukt*», heter det i referatet. Avgifta vart sett til ti kroner per møte, og dette gjaldt også «*møter av lignende art*». Eitt år seinare heiter det i styreprotokollen at ein har fått eit skriv med ordføraren si personlege meining om kravet – for øvrig utan at meininga hans er referert. No er betaling ikkje lenger omtala som eit krav, men som ein søknad, og saka hadde framleis ikkje vore drøfta i kommunestyret. Bedehusstyret gav Steinar Lønning fullmakt til å ta saka opp på neste møte i kommunestyret. Protokollen seier ikkje meir om kva som vart utfallet. Men leigekontrakten gjekk ut same år, og frå 1. januar 1963 gjekk gamle Bømlo kommune inn i nye Bømlo kommune – saman med dei gamle nabokommunane Moster og Bremnes.

Også middagsseriset, stolar, benker og bord kunne leigast, då som no. Eigne prislistar vart innført, og eksempelvis kosta det frå starten av 70 øre per tallerkensett.

### **Fest og basar**

Bedehusstyret gjorde fleire forsøk på å auka inntektene. 17. mai-festar og basarar vart dratt i gong, og ikkje minst var den årlege juletreffesten ei særskild viktig inntektskjelde. Protokollane frå mange års- og styremøter fortel at bedehusstyret la ned mykje arbeid i den årlige romjulsfesten. Kva som skal skje, og i kva rekkefølge, står sentralt. Altså

kven som ønskjer velkommen, kva songar som skal syngjast, og når ein skal gå rundt juletreet. Inngangspengane var også eit sentralt tema i planlegginga av festane. I 1956 er prisen tre kroner per vaksen og to kroner per barn. Summane heldt seg stabile i årevis, og vart justerte først etter storinvesteringa i middagsserise i 1960: «*Da bedehuset for tiden er dårlig økonomisk stillet, drøftet styret en del hvad en skulde ta i inngangskontingent på festen*», heiter det i protokollen frå styremøtet i desember 1960. Vaksne måtte frå no betala 3,50 kroner i inngangspengar. Barnebilletten vart ikkje justert i denne runden.

Årsmøte- og styremøteprotokollane er elles korte og konsise, og viser at ein heilt fram til i dag nyttar faste malar både for korleis møta skal haldast og for korleis referat skal skrivast. Etter velkomsten er det gjerne ein liten andakt, som også vert referert: «*Johannes Lønning leia motet og minna i opninga om at Gud er i går og i dag den same. Deretter tala Samdal med tekst frå Markus 4, 21-25 om å ferdast i lyset og at me måtte vera ljøs i ei mørk verd*», heiter det i høve årsmøtet i august 1959. Det er også naturleg å ta med detaljar frå opninga av møta, som i desember 1958: «*Sundag 14. desember 1958 vart det halde styremøte i småsalen i bedehuset etter innkalling av formannen. Heile styret møtte. Ein song først Jesus styr du mine tankar. Sidan gjekk ein over til lagsakene*». Referenten kunne også leggja til setningar som «*Me kjende Guds ånd var blant oss*» – henta frå eit seinare referat.

Bedehuset, med basarar, juletreffestar og andre møte, var i lang tid ein av dei aller viktigaste samlingsstadane i bygda, som elles i regionen. I boka «*Bømlo – driftige folk i vakker natur*» skriv Kristine Sele om basaren på laurdagskvelden, med film frå misjonsmarka, loddsal og auksjon. Vidare leverer ho dette stemningsbildet: «*Det var ikkje berre misjonsfolket som søkte til bedehuset, også ungdommane nytta hovet til å samla seg for å treffa andre – av begge kjønn. Ikkje alltid var dei innom dørane, ofte var det kekkare ute enn inne. Enkelte hadde også ei flaske på innerlomma, den gjekk rundt til dei som våga å smaka på det sterke. Det hende at kvelden enda i slåsskamp der utanfor bedehusveggen, det kunne vera kamp om ei fin jente – eller gamle synder som skulle ryddast opp i*». For dei eldre festdeltakarane var det dessutan spennande å sjå kven som etter kvart gjekk saman rundt juletreet.



Etter kvart kom den årlege bedehusbasaren til, og tok sakte men sikkert over juletreffesten si rolle som den sikraste inntektskjelda for bedehuset på søre Bømlo. Bedehusbasaren lever framleis den dag i dag, og bidrar kvart år med godt over 100.000 kroner i inntekter til drifta av bedehuset. Ja, frå 2000 til 2015 har bedehusbasaren totalt gitt bedehuset snaut to millionar kroner i inntekter, viser ein gjennomgang av referata frå den årlege basaren i denne perioden. I tillegg har bygdefolket gitt ei stor mengde gevinstar i gåver, samt stilt opp på dugnad for å gjennomføra arrangementet.

*«Her er varer for mellom 40.000 og 50.000 kroner, og alt er gåver. Dei har ikkje kosta oss ei krone»,* sa ein nøgd styreleiar Magne Eidesvik til Haugesunds Avis i høve bedehusbasaren i 2005. Dette året sat ein igjen med 129.000 kroner i netto etter basaren, noko som var ny rekord. *«Det var fullt hus, og både lodda og maten vart selde. Koret song flott, og talaren gav oss Guds ord. Vi hadde ein flott dag»,* oppsummerte Eidesvik – og takka alle som hjelpte til og støtta bedehuset.

### Gåver og dugnadar

Nettopp gåver og dugnadsarbeid har heile vegen vore viktig for drifta av bedehuset. Ei gåve som framleis vert hugsa av mange bygdefolk, var dei 500 kronene Bømlo Helselag gav på tampen av 1962. Pengane skulle gå til varmtvannsberedar og oppvaskbenk på kjøkkenet i bedehuset, og laget oppmoda samstundes andre lag i bygda til å bidra. Dette utløyste ein aldri så liten kronerulling. *«Styret i bedehuset seier seg svært takksame for denne gilde gåva, og vonar dette som helselaget peikar på kan kome i orden snart»,* heiter det i protokollen frå styremøtet i desember 1962. På same møte vart det informert om at gamle Bømlo kommunestyre hadde gitt bedehuset ei gåve på 1000 kroner. *«Ein vart samde om at desse pengane skulle betalast av på lån»,* heiter det i protokollen. Sidan fekk bedehuset både flaggstang og gardiner i gåver, samt gratis tilkopling frå Bømlo Vassverk.

*«Årsmøtet vart avslutta med at formannen takka alle for den gode omsuta bygdefolket synte for bedehuset»,* heiter det i årsmøteprotokollen frå august 1967. Same år tok ein til orde for å setja i stand den uinnreia salen i andre høgda til garderobe og foreiningsrom. Prisoverslaget var på 6000 kroner, pluss maling og den elektriske installasjonen. *«Dette er mange pengar, som der ikkje er dekning for i kassen, men ein vonar framleis på bygdefolket sin offervilje også til dette arbeidet»,* heiter

det i protokollen etter det andre styremøtet i august 1967. I oktober same år valde styret nok ein gong å samla inn pengar ved ein dør til dør-aksjon. Årsaka var det kostbare arbeidet som no pågjekk i andre høgda. Ein valde å gå rundt med lister i staden for å gjennomføra basaren som allereie var under planlegging. *«Dette gjer ein av den grunn at arbeidet som no pågår krev mange pengar»,* heiter det i styreprotokollen, der ein legg til at ein vonar ein slik innsamlingsaksjon ville gje meir pengar i kassa enn ein basar. Basaren vart då også avlyst. Dei påfølgande åra valde ein igjen å halda basar i staden for å gå rundt med lister.

Å eiga og drifta eit hus betyr mykje vedlikehald og utbetringar. Våren 1968 oppdaga ein til dømes råteskader i golvet i småsalen i kjellaren. I tillegg måtte ei takrenne skiftast ut, medan delar av huset måtte målast om igjen. Lauritz Eidesvik troppa opp på styremøtet for å donera både takrenner og måling til bedehuset. *«Dette er styret sers takksame for, då den økonomiske stoda for bedehuset i år er heller dårlig. Ein er og takksame for dei nye gardinene Lauritz Eidesvik har gjeve»,* heiter det i protokollen etter mai-møtet. Nytt golv vart støypt på dugnad.

Våren 1969 måtte ein igjen skifta ut nokre takrenner, i tillegg til at kjøkkenet vart vurdert til å vera i så dårleg stand at noko måtte gjerast. *«Den økonomiske stoda for bedehuset er diverre ikkje så god»,* heiter det i styreprotokollen frå mai 1969. Ein fann likevel ut at arbeidet måtte gjerast, og håpa å få gjort det meste på dugnad. Nok ein gong stilte Lauritz Eidesvik med gratis måling. I tillegg fekk bedehuset seinare same år ei anonym gåve på 2500 kroner til målararbeid. I 1971 spanderte ein anonym gjevar termostatar til varmeomnane i storsalen.

Eit vel så synleg resultat vart det av den anonyme gåva bedehuset fekk hausten 1973: No vart bibelordet «Jesus verdens lys» montert på veggen på podiet. Dette vart finansiert av ei pengegåve på 1000 kroner frå ein anonym gjevar. *«Ja, måtte dette lyset få lysa for oss på Bømlo»,* heiter det i protokollen frå årsmøtet same haust, etter at skriftstaden var på plass.

### Utbygging og ny vigsling

Utbetringar og oppussingsjobbar går igjen i protokollane med ujamne mellomrom. Noko må ein kalla reint vedlikehald og lettare modernisering, mens andre prosjekt er meir omfattande. I april 1994 var det nesten full sal då ein innvia det då nyoppussa





*Medlemmer av bedehusstyret.*

*Framme frå venstre: Magne Eidesvik, Kjell Lønning, Kristbjørg Kvamme og Anne Britt Vold Vestvik.*

*I midten frå venstre: Olga Kårbo, Marie Hildegunn Hovland og Monica Ellingsen.*

*Bak frå venstre: Celius Eidesvik, Aina Helen Eidesvik og Karl Eide.*

*Magne Eidesvik og Kjell Lønning gjekk ut av styret i 2016. (Foto: Geir Einarsen).*

bedehuset. No var mellom anna talarstolen flytta. I 1996 kvitta ein seg endeleg med det langvarige problemet med at toaletta gjekk tette etter større arrangement på huset. Og i 2002 gjekk ein i gong med eit verkeleg storprosjekt: No ville ein byggja ut huset mot sør, for mellom anna å få på plass handikaptoalett og rampe for rullestol. I tillegg vart småsalen utvida. 150 personar var med på innviinga og vigslinga av nybygget i oktober 2002. «Tilbygget vart så høgtideleg vigd og helga med Guds ord. Svein Bjarne Aase stod for dette, og det blei lest opp teksten som og vart nytta i forbindelse med innviinga av bedehuset i 1956», heiter det i referatet frå møtet.

Medan dei samla byggekostnadane på 1950-talet var 160.000 kroner, kosta denne utbygginga drygt 1,5

millionar kroner. Bedehusstyret vedtok at ein også i denne runden ville be bygdefolket om støtte til utbygginga. Men i motsetnad til 40-50 år tidlegare, då ein gjekk rundt på dørene med lister, sendte ein no eit informasjonsskriv i posten til alle i bygda – med ei bønn om ei økonomisk gåve. Lånet som vart teke opp før utbygginga, vart nedbetalt i kjølvatnet av bedehusbasaren i 2007.

I 2015 sette ein i gang nok ei utbygging av huset. No vart det mellom anna nytt, moderne og praktisk kjøkken på 48 kvadratmeter oppe, pluss nytt toalett, lager og kjølerom. Det vart også laga ein betre parkeringsplass utanfor bedehuset, på tomter kjøpt av naboane. Nok ein gong stilte bygdefolket opp med gaver og dugnadsarbeid. Byggjerekneskapet



*Frå det nye kjøkkenet som vart tatt i bruk i 2015.  
(Foto: Bernt Emil Vika)*

viser at utbygginga kosta 3,7 millionar kroner. Vel 600.000 kroner av totalsummen vart dekkja inn av gåver frå firma og privatpersonar. Hausten 2016 møtte over 100 personar på opningsfesten. Styremedlem Celius Eidesvik takka *«både dugnadsfolk, dei som hadde bidrege økonomisk og dei som hadde frigjort areal til utvidinga. Han takka også handtverkarar og entreprenørar»*, heiter det i Bømlo-nytt sin omtale av opningsfesten. To personar vart takka særskilt, nemleg byggjeleiarane Sten Arne Lønning og Normann Larsen.

### **Bedehuset i dag**

*«Om jeg er liten eller stor, så er det best for meg på jord.  
Å høre Jesus til, og gå den vei Han vil, for det er det som gjør meg lykkelig».*

Bedehusklassikaren fyller nok ein gong storsalen i bedehuset. Songen er den same som midt på 1980-talet, og storsalen er den same – sjølv om

den rett nok ser litt annleis ut. Barna i salen veks opp i ei heilt anna tid, der dataspel og nettbrett er langt meir fascinerande enn papirdokker på ein grøn flanellograf. Søndagsskulen har ikkje heilt den same plassen som då foreldra deira var små. I vårsemesteret 2016 vart det kun fire søndagsskulesamlingar grunna leiarmangel, og lenge såg det ut til at det ikkje ville bli nokon søndagsskule i det heile tatt frå i haust av. Slik gjekk det ikkje. Søndagsskulen er framleis ein av dei faste aktivitetane på bedehuset, og då først og fremst retta mot barn frå tre år og oppover. Rundt 20 barn går på søndagsskulen i 2016. Også andre aldersgrupper har faste tilbod på bedehuset: Minimax, tidlegare kjent som Yngstes og Yngres, har møte annankvar tysdag. Dette er retta mot dei som er i barneskulealder. Dei andre tysdagane øver to barnekor på bedehuset: Gla'song og Happy Singers, der førstnemnde er for dei under skulealder og sistnemnde er for 1. til 4. klasse. Dei tre første fredagane kvar månad er det





*Frå interiøret i bedehuset.  
(Foto: Bernt Emil Vika)*

sosialt samvær i bedehuskjellaren for ungdom, under namnet UFO. Dessutan øver Musikklaget annankvar torsdag.

Gjennom året er det elles bibeltimar, møteveker, basarveker, 17. mai-fest og juletreffar. Bedehuset vert også leigd til ei rekkje andre arrangement. Kort fortalt er huset ein institusjon i bygda, fastslår Magne Eidesvik, mangeårig leiar i bedehusstyret: *«Ved sidan av å vera eit hus for møte og samling om Guds ord, er bedehuset ein samlingsstad for bygdefolket på reisa frå vogge til grav. Her vert det arrangert festar ved dåp og konfirmasjon, og i tillegg mange slags tilskippingar for barn, unge, vaksne og eldre. Fleire lag og organisasjonar har tilhald i bedehuset, med møte og basarar, og ikkje minst vert bedehuset nytta til minnestunder i samband med gravferder»*, seier Eidesvik. Han sa frå seg attval som styreleiar i sommar (2016).

Avslutninga hans i årsmeldinga for 2015 vert avslutninga også på denne delen av vår 171-årige

reise i den lokale bedehushistoria: *«Bømlo bedehus har som fokusområde framover å arbeide med å få større aktivitet i bedehuset vårt, gjerne saman med andre foreiningar eller lag. Me har eit stort og flott hus, og me er opne for nye idear som kan vera med og gagne bedehuset vårt som ein kristen tilhaldsstad. Klarar me dette, vil me klara å framleis oppretthalda ein god økonomi og ei positiv drift»*.

Informantar:

Aud Lønning, Kjell Lønning, Kristbjørg Kvamme, Magne Eidesvik, Olga Kårbø, Brith Hindenes, Guri Gangås Vespestad og Gudrun Lønning.



*Bedehuset slik det ser ut i 2016.  
(Foto: Bernt Emil Vika)*



*Opp gjennom tida har det vore drukke mykje kaffi i dei tre bedehusa på søre Bømlo.  
Den store kaffikjelen var lenge i bruk i bedehuset i Olsabrekka. Det var òg koppen med emblemet «Elim».  
(Foto: Bernt Emil Vika)*



# Det startar gjerne med ei vekking

Av Nils Henning Vespestad og Bernt Emil Vika

«Vekkjinger er på mange måtar sjolve symbolet på den kristne lekmannsrørsla. Ja, i mange bygder er store vekkjinger sjolve grunnlaget for den religiøse verksemda», skriv Olaf Aagedal i boka «Rapport frå bedehusland».

Han definerer vekking eller vekkelse som at relativt mange personar på kort tid omvender seg og markerer dette offentleg. Ei vekking kan vera dramatisk, både for den involverte og alle rundt, med sterke kjensler i sving, store opplevingar og endring i livsstil. Ifølge tidlegare emissær Aud Lønning er ei vekking svaret på at mange har bede om at folk må verta frelste og komma og høyra Guds ord. Eit slikt utgangspunkt er kommentert av Bjørn Slettan i artikkelsamlinga «Bedehuset. Rørsla, bygda, folket»: «Om vekking er svar på bøn, kan ikkje historiegranskinga avgjøre, det høyrer trua til. Men dei gamle veit og å peike på ytre omstende som kunne utløyse vekking: ulykker på land og sjø, krisetider, ein karismatisk prest eller predikant. Det siste punktet har mange lagt vekt på».

Bygdebokforfattar Nils Kolle trur at vekkingane og lekmannsrørsla si sterke stilling langs kysten kan hengja saman med dei til tider tøffe livsvilkåra her: Han konstaterer at mykje av levebrødet vart henta frå havet, at båtane gjerne var små og opne, og at både menn og kvinner måtte leva med angsten for havet. Hanne Jacobsen og Ingeborg Øien Thorsland skildrar vekkingane i vår region på denne måten i boka «Heimreis. Historier om Bømlo»: «Havet gjen, og havet tek. Kvinnene er heime med frykta for kva som kan skje. På møta fyller vekkingspredikantane folk med himmelsk eld. Folk på Bømlo-øyane tek imot med opne armar. Trua er ei klippe, ru fiskarhender faldar seg. Gjer bot før det er for seint!».

## Ei rik tid

Uansett: Våren 1993 skjer det ei vekking i bygda. Den karismatiske og taleføre predikanten Stein Raunehaug har hatt møter i bygda i lang tid. Denne fredags- eller laurdagskvelden fortel han ei intens og fengslende historie om Alexander Kielland-ulykka,



Aud Lønning

om plattformarbeidaren som kjempar for livet i havet, og om redningsmannen som etter kvart vert fira ned frå Sea King-redningshelikopteret som svirrar over den opprørte sjøen. Redningsmannen vert eit bilete på Gud, og talen gjer eit sterkt inntrykk på fleire i storsalen – som mange andre av predikanten sine talar.

Den to månader lange møteserien resulterte i mange omvendte, og i styreprotokollen frå 25. mars vert det heile oppsummert slik: «Både vaksne og ungdommar har søkt frelse, mykje folk har gått kvar kveld. Me har hatt ei rik tid, og det er blitt ein ny glød i kristenflokken». Etter bedehusbasaren i desember same år vert det nok ein gong peika på det som skjedde i bygda i starten av året: «I år hadde me fleire nye med oss, som kom med i vekkelsen i mai. Det er mykje å vera takksame for. Mätte me vera i bøn om at endå fleire måtte koma med».

Også tidlegare har det vore store vekkingar på søre Bømlo. Som allereie nemnt, vaks den lokale indremisjonsforeininga fram i 1882 som følgje av ei vekking. «Det var den tid vaknings- og vekkingstider mellom folket her», heiter det i andre utgåve av Indremisjonsvenen i 1963, i høve Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad hadde lagt årsmøtet sitt til Bømlo.



*Knut og Borgine Brakestad.*

I 1902, 20 år etter vekkinga i 1882, skal det ha vore nok ei vekking på «Fridtun». Det går det fram av eit samandrag av den lokale bedehushistoria, ført i pennen av Alfred Samdal i høve innviinga av det nye bedehuset i 1956: *«Der samledes slektene – den tids unge og gamle – for å høre Guds ord. Der har lydt mange herlige vitnesbyrd, og der har mange søkt Gud og funnet ham. Der var således stor vekkelse i det huset i 1902 ved M. Skurdal og Ole Risvold. Underskrevnes første møte i Bømlo var holdt i det huset første pinsedag i 1906. I 1911 ble så det andre huset bygget og innvidd. Også der har skjedd store ting, idet Gud besøkte oss med vekkelser flere ganger.»*

### **Merkeåret 1953**

1953 er eit år som utmerkar seg. Vekkinga fann stad under ein møteserie som starta i september og heldt fram til oppunder jul, og som kan få noko av æra for at ein sidan gjore alvor av å flytta og byggja ut bedehuset. *«Gud talte veldig sterkt ved si ånd, ikkje berre på møta, men i heile bygda»*, fortel Aud Lønning. *«Mange fekk hjelp til å ta imot Jesus, også i heimane. Hausten 1953 la mange livet sitt i Gud sine hender, og dette var ei sterk oppleving for dei som kjende på kallet.»*

Sentral i vekkinga var emissæren Henrik Røykenes frå Førde i Sveio. Ein emissær var ein omreisande predikant. Røykenes var ein god forkynnar, og mange let seg riva med. Mellom dei første som gav seg over til Gud, var Knut og Borgine Brakestad. Dette var to sentrale personar i bygda, og dei vart eit eksempel til etterfølging for mange. Ja, Aud Lønning

meiner at ekteparet Brakestad har mykje av æra for det som skjedde i bygda for 63 år sidan, samstundes som ho understrekar at dei to la ned eit stort arbeid for det lokale kristenlivet i åra som kom: *«Dei opna heimen sin, til dømes etter møta laurdagskveldane, og hadde huset fullt av ungdommar. Så dei var til stor velsigning etter vekkinga. Knut Brakestad var leiar blant dei unge, og ein fin mann for ungdommen»*, seier Lønning.

Kvar dag, med unntak av måndagen, var det møte på bedehuset i denne perioden. Mykje folk møtte opp på møta, og kvar kveld skal fleire ha blitt omvendte til det ein kallar personleg kristne. Sidan konene til fiskarane no gjekk i bedehuset kveld etter kveld, var det fleire som spådde at mennene ikkje ville få korkje vottar eller sokkar til vintersildfisket. Men det ordna seg.

Ei ny vekking gjekk føre seg på tampen av 1959, går det fram av ein udatert, historisk gjennomgang signert Marie Eidesvik: I tida 1. til 15. november 1959 vart det halde ein evangelisk aksjon i Finnås prestegjeld. Gjestetalarar i Bømlo bedehus var Rickvald Skaaheim, Olav Skjeggedal og prestane Valle og Tveit. *«Då sjeler søkte Gud, og hans Ånd arbeidde mellom folket, vart det halde fram med møte ved sekretær Bjarne Eide fram til 6. desember»*, skriv Eidesvik. *«Vi hadde ei god tid, Gud velsigna oss rikt. Mange søkte Gud, både yngre og eldre i den tida, og Guds folk vart fornya.»*

# Det året eg aldri gløymer

Mellom dei som opplevde vekkinga i 1953, var 15-åringen Kåre Steinsund. Han budde på Zahlahuset, og har i vaksen alder skrive litt om kva han tenkte og kjende i denne perioden. Teksten har me fått frå broren, Bjarne Steinsund.

*Året var 1953. Eg fylte 15 år den hausten, og det som eg opplevde då, det kom til å avgjera det meste for livet mitt. Det var ikkje slik at alt eg opplevde dette året var så glitrande fint. Det òg har eg lyst å fortelja litt om.*


*Etter konfirmasjonen i september året før, gjekk eg tre månader på frambaldsskule heime, men så var spørsmålet kva det vart til vidare. Far til Sigurd, Jacob, hadde tidlegare vore med på brislingfiske med eit notbruk frå Kvinnberad. No vart det spørsmål om Sigurd og eg kunne tenkja oss ein sommar med same båten. Plass var der for oss, og me sa ja. Visste nok ikkje då at denne fisketuren skulle vara frå mai til november, altså i eit halvt år.*

*Veit ikkje om me var så høge i batten, to unge menn som ikkje hadde fylt 15, då me monstra på inne i Herøysundet. Men litt etter litt vart me kjende med bas og skipper og dei andre som skulle vera med. Skøyta heitte «Hanna», og så hadde me ei mindre skøyte med som følgjebåt. Det var vanleg på dette fisket.*

*Første dagen me var ute med nota, fekk me ein fangst på 1500 skjepper småsild, og etter at me hadde sett fangsten i låsnota vart me liggjande til neste dag – kvar andre stader enn ved Zablakaien! Spør om me var krøye då me la til lands som notkarar!*

*Det vart ein sommar med mange opplevingar, både gode og vonde. Mest var me i Hardanger, men òg i Sunnhordland og Rogaland. Lengste turen hadde me sørover til Flekkefjord, for me hadde høyrte at der var det så mykje brisling. Nei, brisling vart det ikkje på oss, men til gjengjeld kasta me noko uhorveleg med sild. Det gjekk i eitt nesten dag og natt, og til slutt var me stuptrøytt. Så hende det at med både basen og skipperen i styrehuset, gjekk me på grunn midt på lyse dagen ved Grønnes i Flekkefjord. Me var så trøytt at me nesten trekte eit lettelsens sukk. Me måtte på slipp, og så fekk me sova og feira sankthans der.*

*I ettertid har eg sett noko symbolsk på denne grunnstøytinga. Kanskje gjekk det ei jente frå Gyland inne i Flekkefjord akkurat då? Kanskje gjekk me forbi kvarandre på gata? Fattar ikkje at ho ikkje tok kontakt! Fem-seks år seinare skulle me jo likevel forlova oss! Livet er rart – i alle fall når ein ser bakover.*



Henrik Røykenes.

*Det er veldig mykje eg kunne ha fortalt om frå denne tida, men eg vil heller bli litt fram i boka. Me er komme til hausten, og me driv med lysfiske, som er mykje nattarbeid. Då kjem det nokre underlege brev heimanfrå frå mamma, som eg trur eg les fleire gonger. Ho skreiv om at ein forkynnar som heiter Henrik Røykenes har møter på bedehuset i Langevåg, og det er så mykje som hender. Vekkelse – kva veit eg om det? Det er det mamma fortel om i brevet, og det ligg ein ny undertone i alt ho skriv. Læraren min og kona hans, Knut og Borgine Brakestad, dei hadde ei natt bøygde sine kne heime i stova og gjeve liva sine til Jesus. Då dette vart kjent, var det som ei krane vart opna. Bedehuset vart sprengfullt kveld etter kveld. Eg ser og ser på det mamma skriv, og undrast og vert uroleg. No er eg vorten ein kristen, skriv mamma. No er tante Dagny og onkel Oskar komme med. No er det mange unge, fleire av kameratane dine. No har dei laga musikkor, og ein stor flokk står på plattformen og syng og vitnar - «Kåre eg skulle ynskt du kunna koma heim».*

*Veit ikkje kor mange slike brev som kom. Me er komme til slutten av oktober, og uroen i meg vert sterkare og sterkare. Eg går til basen og seier at no vil eg slutta. Veit ikkje kva eg grunnlag det med, men det var neppe det som hende på bedehuset heime ...*

*Så slutta eg, og kom akkurat heim til min 15-års dag. Første kvelden hanna eg på bedehuset, men på galleriet bak skorsteinspipa. Men det var underleg, det eg fekk høyra og sjå. Då den store ungdomsflokken stod der framme og song, ja då ... nei, eg kan ikkje tolka dei kjenslene eg då hadde. Kunne det endå mindre den gongen. Men til fleire glade vitnemål eg hørde, til svartare vart det. Eg gjekk no heim igjen den kvelden – og den neste. Då såg mamma på meg med tårer i augo: «Du kom ikkje i kveld heller, Kåre!». Trur ikkje eg hadde noko å seia til det. Men eg lengta så inderleg etter å få det slik som kameratane mine, at eg tok ein fast bestemmelse: Neste kveld skal eg ikkje på galleriet!*

*Retta frå galleriet og på første benk vart det! Klemd inne mellom kameratar. Kva som vart talt og sunge den kvelden,*



*hugsar eg ingenting av. Det eg hugsar veldig godt, er at eg til slutt låg på kne ved den gamle, brune bedebusbenken. Ein kamerat på eine sida, og Henrik på den andre. Me las frå Bibelen, og eit av versa me las var Jes. 53,5: «Han vart såra for våre brot, sundbroten for våre synder. Straffa låg på han for at me skulle ha fred, og ved hans sår har me fått lækjedom».*

*Kan ikkje beskriva det eg opplevde den kvelden. Det har fylgt meg seinare i livet, ikkje minst når dei tunge dagane kom. Når dei eldre kristne kom og ynskte meg velkommen med glede og varme, då fekk eg sjå at kristendom ikkje er teori, men LIV! Frå då av kunne eg seia: Eg kjenner meg heime – hos Jesus, og saman med dei som fylgjer han.*

*Kva så med pappa? Han var på sjøen som vanleg, men så kom han heim litt seinare, og då var det spenning i lufta! Ville han og ...?*

*Så hende det ein kveld. Pappa reiser seg i forsamlinga, bleik i andletet. Han får ikkje sagt eit ord, berre ser på Henrik og nikkar. Eg hugsar då me kom heim til Zahlahuset – gleda var ufatteleg stor. Ser for meg tårene på onkel Oskar sine kinn. Det har ikkje alltid vore så lett i vår familie å setja ord på slike kjensler, men det finst mange sterke talar utan ord.*

*Bjarne var berre 11 år då, og eg veit ikkje korleis han opplevde denne hausten. Men eg hugsar ein kveld ti år seinare, då han kom attende til Jesus. Det var ei ny stund med gledestårer både hos den eine og den andre.*

*Musikklaget vart altså starta hausten 1953, ei av desse enkelte songgruppene som har vore til så mykje glede på bedehusa. Enkel toastemt song, sju-åtte gitarar, mandolin og trekkspel. I denne tida etter vekkelsen, var det til så mykje velsigning og hjelp, ikkje minst for oss unge. Me hadde det så godt saman, når me hadde øvingane med andakt og bønestunder, når me song på bedehuset heime (og det var ofte), og når me var andre stader og song.*

*Eg kjøpte meg trekkspel av onkel Gunnar, og det var ikkje lenge før eg måtte stilla opp i musikklaget. Gløymer ikkje den første gongen. Eg var svært nervøs for korleis det skulle gå, men trøysta meg med at den faste trekkspelaren, Edvin, var med. Naturligvis kom ikkje han den kvelden! Der stod eg, arme stakkaren, med skjelhvande fingrar på tangentane. Eg veit godt kva som var den første songen: «Som en herlig guddomskilde». Eg kom levande frå det, og seinare var eg fast inventar.*

*Me som opplevde ei slik ungdomstid, i eit slikt miljø, me kan berre rista på hovudet av alt som blir sagt om eit trongt, mørkt miljø, der berre «mørkemenn» kunne finna noko med mening i! Kan nesten ikkje tenkja meg at nokon kunne ha det betre enn oss! Difor prega nok dette musikklaget òg, om songen var enkel, og gitarstrengene ikkje alltid like reinstemte. Vitnemålet var ekte og opplevd. Å, kor eg er takksam for ungdomstida, sjølv om det òg var nok av kamp og tårer.*



*Kåre Steinsund.*

Kåre Steinsund vart fødd i Gulen i Sogn i 1938. Familien flytta til Solund, og budde der ei stund, før dei i 1948 flytte vidare til Bømlo. Her bygde dei hus ved butikken på Zahlahuset i Langevåg.

Kåre gjekk på Framnes ungdomsskule i to år, og tok deretter bibelskulen i Bergen. I 1960 byrja han å reisa for Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad, og vart Yngres- og ungdomsarbeidar på heiltid frå 1962.

I ein periode, frå 1971 til 1989, budde han på Sørlandet og var ungdomssekretær i Sørlandet Indremisjon.

I 1989 flytta han tilbake til Sunnhordland og slo seg ned på Stord. Her arbeidde han for Indremisjonssamskipnaden til han gjekk av med pensjon i 2007. Han flytta då tilbake til Sørlandet og budde på Vigeland i Lista kommune. Han var gift med Berit Tesaker, og dei fekk tre barn.

Kåre Steinsund døyddesommaren 2015.

# Storbrannen på Espevær

## 9. august 1950

Av Olga-Marie Bie Kjøpstad

**Onsdag 9. august 1950 var ein svært fin sommardag på Espevær med frisk sørleg bris og temperatur på 22-23 grader. Mange frå Bie-slekta nytta godvêret til ein båttur innover fjorden med «Ramsholm» til Leirvik. Lite ante dei om dramaet som skulle utspela seg på Kaien og i Hillesvikjå medan dei var borte.**

Rutebåten «Landanes» kom som vanleg frå Haugesund til Espevær litt før halv fem med varer til dei to butikkane på øya. Når «dampen» kom, var det alltid stor aktivitet på kaien med lossing og lasting av gods og passasjerar. Det var oftast mange folk der då for å handla og slå av ein prat, men også for å sjå på det som føregjekk. I 1950 var det 429 personar som budde fast på Espevær.

Etter lossing la «Landanes» frå kai og gjekk vidare nordover leia mot Bergen utan at nokon la merke til at det hadde starta å brenna i loftsetasjen til handelshuset Lauritz Larssen AS, der kjøpmann og eigar Marchus Larssen budde ovanpå med familien sin. Avstanden frå rutebåten til huset var kort, berre rundt 8-10 meter. Brannen blei oppdaga omlag 10 minuttar etter «Landanes» sin avgang, og den hadde då fått utvikla seg så mykje at situasjonen brått blei veldig dramatisk.

Haugesunds Avis, 10. august 1950:

*«Brannen tok til ved 17-tida, umiddelbart etter at rutebåten «Landanes» hadde forlatt kaien. I Espevær kan en ikke finne noen annen årsak til brannen enn at det*

*må være gnister fra skorsteinen på «Landanes» som antente loftsetasjen i Larssens forretningshus. Ilden spredte seg så fort at loftsetasjen praktisk talt stod i full fyr før en oppdaget brannen.»*

Haugesunds Dagblad, 11. august 1950:

*«Fru Lars Brekke jr (Marie Mehus Brekke) var på Kaien da «Landanes» la til, og med seg hadde hun sin 1 år gamle sønn Aksel i barnevogn. Plutselig oppdaget hun flere gnister på dynen. Hun fikk slukket ilden med en gang uten at der ble anrettet noen særlig skade.*

*De som var på Espevær da brannen oppsto og så dens forløp, forteller at ilden grep om seg med en rasende fart.*



Faksimile frå Bergens Tidende.





*Båten «Landanes» vart bygd i 1914 i Tønsberg for A/S Tønsberg Hvalfangeri. Navnet var då «Viking II». Fram til 1937 tilhørte den fleire forskjellige kvalfangstreiarlag. I 1937 vart båten ombygd til snurpar ved HVM og fekk navnet «Landanes». Etter krigen, i 1947, vart den ombygd til passasjerskip og sett inn i Haugesund Dampskipsselskap si rute mellom Haugesund og Bergen i ytre lei. Den hadde då ein 4 sylindra 300 HK Wichmann motor. I denne ruta gjekk «Landanes» fram til 1968. Den vart då selt til Nord-Norge. Etter ein periode tilbake i Haugesund på 1970-talet, vart den igjen seld nordover. Her vart den kondemnert i 1981 og senka utanfor Harstad i 1983. Her ligg «Landanes» ved HVM. Foto via Haugesund Sjømands og Skipperforening.*

*Det var nesten ikke til å tro hvor hurtig det hele gikk. En av årsakene var nok den sterke vind og at det i så lang tid har vært opphold og meget varmt vær, slik at alt brennbart var knusktørt. Gnistregnet var så voldsomt at lyngen og gresset i flere hundre meters avstand fra det brannberjede området også ble antent, og det raste faktisk snesvis av større og mindre branner samtidig. Så sent som i går ettermiddag ulmet det kraftig i jordsmonnet på fjelltoppen nordenfor det brannberjede området.*

*Det redningsarbeidet som ble utført under branden når det gjaldt å berge ut inventar, betegnes av de brannlidte som heroisk. Det ble ydet en framragende innsats av alle beboerne på Espevær, fra små barn til oldinger, ofte med livet på spill, for det formelig haglet med skifer, takstein og brennende trestykker.»*

Espevær var på den tida heilt utan brannvern, men Espevær Fiskarlag hadde berre ein måned før, den 5. juli 1950, kalla inn til eit styremøte i bedehuset der «Organisering av brannvern i Espevær» stod på saklista. Det var spesielt formannen, Peder Nesse,

som ivra for dette. I tillegg til styret deltok «agenter for de respektive assuranseselskaper for å delta i diskusjonen om denne sak».

Der blei enstemmig vedtatt «å sende søknader til de institusjoner som har med dette å gjøre, samt til de assuranseselskaper som har interesser her, sammen med kommunen om å gi oss økonomisk støtte til denne så viktige sak».

I 1950 var det mange fiske- og fraktebåtar på Espevær, men i august var få av dei heime. Fleire var dradd på Islandsfisket, og andre dreiv med frakting. Naturleg nok var det difor få menn i arbeidsdyktig alder på øya.

Snikkar Rolf Nesse fortel at han jobba på det nye bustadhuset til Adolf Eiken, og at han og dei andre som var der, fekk ordre pr telefon om straks å ta «Kvikk V» innover for å hjelpa til med brannsløkking. «Straumfjord» var alt på plass.



# Gnist fra rutebåten „Landanes“ årsak til storbrannen i Espevær

Seks større bygninger strøk med i brannen, blant dem Lauritz Larsens kjente handelssted

Skaden kommer opp i nærmere en halv million kroner

Haugesund, i dag.  
(Privat).

Espevær ble i går ettermiddag ramt av en storbrann som la hele Lauritz Larsen A/S' tradisjonsrike og velkjente handelssted, bakeri, sjøhus og lagerbygning, i aske. Dessuten brente kaptein L. Edvin Larsens eiendom, der telegraf- og telefonstasjonen var installert, fru Elvira Larsens vånings- og sjøhus og Peder Pettersens våningshus. I alt var det

seks større bygninger som strøk med.

Fire hus, Lars Knudsens, Otto Trolands, Anders Hornes og Bernhard Udals — ble bare reddet ved virkningsfullt bergingsarbeid av stedets befolkning. To motorskøyter kom til, og lot sine brannslanger spille opp mot disse husene.

Hele bebyggelsen nordover fra Larsens eiendom var en stund så sterkt truet, at beboerne i 10—12 hus måtte flytte ut møblene og andre eiendeler.

Skaden er oppgitt til mellom 400 000 og 500 000 kroner, men en antar at ingen hadde fullverdig forsikring, og at de som er blitt ramt av brannen lir et større økonomisk tap.

Brannen tok til ved 17-tida, umiddelbart etter at rutebåten »Landanes« hadde forlatt kaien. I Espevær kan en ikke finne noen annen årsak til brannen enn at det må være gnister fra skorsteinen på »Landanes« som antente loftstasjonen i Larsens forretningshus. Ilden spredte seg så fort at loftstasjonen praktisk talt stod i full fyr før en oppdaget brannen. I løpet av meget kort tid var forretningsbygget og de nærmest

liggende hus antent, og på et par timer brente det hele ned.

Haugesunds brannvesen ble tilkalt klokka 17.08, men da det kom til stede var brannen over, og det deltok bare i etterslokkingen på den store branntomten.

Det lyktes ikke å redde noe nevneverdig fra forretningen, men ved resolutt inngripen fikk en sentralbordet på telefonstasjonen ut, og derfor fikk Espevær igjen i løpet av natten forbindelse med utenverdenen gjennom telefon og telegraf. Mens telefonen var utkoplest, ble forbindelsen med omverdenen opprettholdt av en motorkutter, som gjennom sin radiotelefon oppnådde forbindelse med Haugesund.

Lauritz Larsens forretning i Espevær er ikke minst kjent for de store utrustninger til fiskerflåten. Ilden brente seg kraftig i det rikholdige lageret, og artet seg til dels eksplosjonsaktig. Det lyktes å redde to av oljetankene som stod like ved branntomten.

Fire familier med flere barn ble husville etter brannen som i den sterke sørpøst vinden kunne ha utviklet seg til en katastrofe for hele stedet.

Brannen breidde seg først til bakeriet og lageret sør for handelshuset, så nordover til Ledwin Larssen si sjøbu med bustad og telegrafstasjon, så vidare nordvestover til Elvira Larssen sitt bustadhus og sjøbu, og til sist lenger nord til Peder Pettersen sitt bustadhus i Hillesvikjå.

Rolf Nesse var blant dei som skulle hindra Elvira Larsen sitt hus i å ta fyr ved å pøsa vatn på taket, men etter kvart såg han stikkflammar mellom pannene og fekk ordre om å koma ned.

Ein forstod snart at det ikkje nytta å redde dei husa som hadde tatt fyr. Ein måtte konsentrera seg om å hindra brannen i å spreia seg til nærliggjande bustader; dvs til husa til Bernhard Udal, Andreas Holme og Otto Troland. Det siste huset var då heilt nytt og ikkje innflytta. Spesielt utfordrande var å redde huset til Bernhard Udal som var plassert svært tett opp til Peder Pettersen sitt hus.

Faksimile frå Haugesunds Avis 10.08.1950.



Rolf Nesse. (Foto: Bernt Emil Vika).

Rolf Nesse fortel at det som redde huset til Bernhard Udal var presenningar som blei dynka med sjø og hengde opp utanpå huset. Til dette arbeidet fekk dei hjelp av menn frå Bømlø som då var komne til. Same metoden nytta dei på huset til Andreas Holme og på hustaket til Otto Troland som var dekkja med Icopal takpapp. Der var veggene i mur.

Ei stund frykta ein at også bustaden til Karoline Brekke aust i Hillesvikjå skulle ta fyr, og mykje inventar blei difor flytta ut på bakken framom Sigve Øritzland sin eigedom. Rolf Nesse og Truls Eiken bar blant anna eit tungt dekketøyskap ned to trapper utan at det fekk ei skramme. Det fekk dei mykje ros for. Skapet tilhørte Berta og Gotfred Amundsen som leigde på loftet hos Karoline.

Situasjonen var dramatisk og kaotisk. Landskapet omkring var tørt etter 14 dagar utan regn. Brannen utvikla eit stort gneistråk og ein voldsom varme.



*«Landanes» på Sletta på slutten av 1950-talet. (Foto Jenssen, K.B.Sønstabo samling).*



*Utsikt frå Ådnøy over Holmen mot Kaien. Biletet er teke tidleg i 1950.  
(Foto frå Rolf Nesse).*





*Kaien i 1918. Namnet på båten er "St. Hans".  
(Foto frå Bømlo omsorgstun).*



*Hillesvikjå etter gjenoppbygging, ca 1958.  
(Foto frå Solveig og Jan Pettersen).*



Slukkingsarbeidet blei ikkje formelt organisert, men alle, unge og eldre, kvinner og menn, gjorde ein framifrå innsats for å avgrensa omfanget av brannen ved å hjelpa til med å redde ut innbu og utstyr der det var muleg.

Haugesund Dagblad, 10. august 1950:

*«Brannen spredte seg vidare til Ledwin Larssens kombinerte sjøhus og beboelseshus. Her holdt også rikstelefonen til. Bestyrerinnen (Hanna Paulsen) betjente stasjonen helt til det siste. Hun tilkalle hjelp fra Haugesund Brannvesen og folk fra Bømlo. I farten hadde bun åndsnærværelse til å ta rikstelefonens kassabeholdning med seg før hun forlot lokalet».*

Dette er delvis feil referert. Det var Ruth Bie som tilkalla hjelp utanfrå. Ho var komen på vakt klokka 14:30. Ho var der så lenge ho kunne, heilt til dei kom og kutta kabela og fekk sentralbordet i sikkerhet.

At ein i kampens hete greidde å få sentralbordet ut frå telegrafstasjonen var ei stor bragd. Dermed kunne Telegrafverket alt dagen etter kople opp telefonsambandet til øya. Den midlertidige telegrafstasjonen blei plassert i huset til Andreas Holme, men etter kort tid flytta til Ledwin Larssen sitt hus på Ørnahaugjen.

Medan rikstelefon sambandet var nede heldt ein kontakten med omverda via Haugesund Radio og «Ramsholm».

To oljetankar på haugen vestom handelshuset stod utsett til, men unngjekk å eksplodera.

Haugesund Dagblad 11. august 1950:

*«Like bak kjøpmann Marchus Larssens store eiendom ligger to store oljetanker. Da brannen oppsto, var det om lag 40.000 liter solarolje i den ene tanken. Det skyldes fremragende innsats fra fru Larssens side at det lyktes å redde den fylte tank. Mens brannen i hennes hjem herjet på det voldsomste, ble lyngen og gresset like ved uttakingsrøret fra tanken antent og det brant kraftig, fordi det gjennom årenes løp var blitt en del oljeansamling i jordsmonnet der. Fru Larssen ble oppmerksom på den fare tanken kom i og hun klarte å holde ilden noenlunde i sjakk, slik at oljetanken ikke ble overopphetet. Herunder pådro fru Larssen seg stygge brannsåre på begge hendene, store brannblemmer på bena og noen i ansiktet».*

To oljefat nede på kaien eksploderte og svart røyk velta opp frå branntomta.

Barna i Hillesvikjå og Garvikjå blei «stengt inne» i Helena Holme sitt hus for å vera under kontroll. Inventar blei lempa ut av huset til Bernhard Udal og plassert på bakken framom huset til Sigve Øritzland, ja, endå til ført over sundet til Kjeholmen for å unngå å bli flammane sitt bytte i det tilfellet at fleire hus skulle gå med, noko det ei tid var stor fare for.

Herdis Troland hadde same dagen vore i Haugesund og kjøpt sengetøy til det nye huset. Det la ho utandørs eit godt stykke ovanom brannområdet for å hindra at det gjekk tapt i fall huset brann opp. Men slik gjekk det ikkje, huset blei berga, men sengetøyet brann opp.

To mindre båtar brann også opp. Nøter og reiskap blei seinka i sjøen og dermed redde frå flammehavet.

Haugesund Dagblad, 10. august 1950:

*«... Haugesund Brannvesen fikk anmodning om assistanse kl 17.08. Slepebåter med brannmannskap, pumper og slangemateriell gikk straks avgårde, men kom først fram da alle bygninger var nedbrent. De tok seg derfor av etterslukkingen».*

«Straks» er ikkje korrekt ord i denne samanheng. Slepebåten «Thor» måtte ha løyve til å forlata haugesundsområdet, noko som tok litt tid. Båt og mannskap gjorde likevel stor nytte for seg med etterslukking då dei kom til unnsetning. Haugesund Brannvesen la ut 500 meter slange før dei returnerte til byen, slik at espeværingane skulle ha noko å hjelpa seg med dersom brannen blussa opp igjen.

På to timar hadde seks hus brunne ned, og nitten personar var huslause. Desse var:

- Handelsmannen Marchus Larssen og kona Kirsten, samt barna Lauritz, Øyvind, Karen Marie og Hans Oddmund.
- Lars Eiken jr og kona Johanne, samt barna Aud, Tore og Anna Berit.
- Elvira Larssen
- Peder Pettersen og kona Kerry, samt sonen Arthur.
- Otto Troland og kona Herdis, samt barna Kjell Petter og Inger Lise.

Lukta frå branntomtene var intens og heldt seg i mange dagar.

Dei fleste mista alt dei eigde og spesielt hardt gjekk det utover Marchus Larssen med familie.

Haugesund Dagblad, 10. august 1950:

*«Marchus Larssen hadde nylig modernisert handelsbygget. Han og familien, bustru og fire barn, mistet alt de hadde av klær. I alt ble fem familier husville.*

*Etter hva vi fikk opplyst hadde alle de brannlidte familier assurert, men hvorvidt assuranse dekker den fulle verdi, er et åpent spørsmål. Under enhver omstendighet lider de brannlidte familier smertelige tap».*

Røde Kors i Haugesund baud dei huslause hjelp, men fekk til svar at det var ikkje nødvendig. Dei fekk den hjelpa dei trong på Espevær.

Handelsmannen Marchus Larssen blei skada under brannen då han fekk ei takhelle i kneet. Det førte seinare til at han måtte amputera foten. I 1955 døydde han av skadane han pådrog seg.

## Forteljingar om brannen frå dei som opplevde denne

**Tore Kruge Eiken – 6 år i 1950:**

– Her er det eg kan huska. Det brenne ropte far og adle spång ut av butikken. Me budde den gong i huset som nå er huset til Rolf (Larssen). Så huska eg at me språng oppover. Eg blei plassert hos Svein (Nilssen) i Garen sin familie. Det eg seinare huska var at nokre kom og ropte: Alt er brent ner. Det sitte endå. Så blei det ei gilde tid. Me flytta inn hos tante Borgny (Bie), og då fekk eg og Tørfinn vera saman heile tiå. Me mimra framleis om adle båtane som me leka med og som var fortøyde på verandaen og som brann opp. Seinare flytta me vidare til onkel Adolf (Eiken) og dei, og budde på loftet der. Så fekk me kjøpa huset på Ørnahaugen av Lidvin (Larssen) då han flytta til nybygget på Kaien. Det einaste me berga var ei skuff med sølvtøy frå kjøkkenet og klokka til mor som var funnen utanfor huset.

**Unni Fredriksen Stead – 10 år i 1950:**

– Eg var ein av dei som skulle handla mjølk og brød på butikken då far din sto i døra og ropte om brann. Det var ei kaotisk tid. Folk sprang i alle retningar fekk ein inntrykk av. Huska Kerry (Pettersen) kom

springande med vaffeljernet. Det hadde hu berga. Marka utfor Sigve Øritsland var full av ting som folk ville redda. Fælt å sjå då alt var over, berre skorsteinspipene sto igjen.

**Svein Louis Nilssen – 6 år i 1950:**

– Den ettermiddagen det brann sat Otto Malvin (Wathne) og eg og lekte i ein sanddunge på andre sida av veggen ved Otto Wathne sitt hus, som då var ganske nytt. Det kom ein person (hugsar ikkje kven) halsande opp Amandabrekkå og fortalde at det brann på Kaien i huset der butikken var. Me var berre 6 år då og visste knapt kva ein brann var, men me forlot sanddungen og sprang nedover mot kaien. Me brukte gamlevegen som vanleg var då, og kom ned mot huset som brann. Me såg eit hol i skifertaket der flammor og røyk stod ut. Det var fleire mannfolk som sprang fram og tilbake og bar på møblar og saker ut frå huset og sette sakene oppover i veggen. Me fekk klar beskjed om å koma oss vekk for småungar hadde ikkje noko der å gjera. Me høyrde seinare at det ver rekvirert brannsprøyte frå Haugesund. Men det tok tid før den å kome fram. Me var nokre ungar som gjekk opp i Knutsahaugen og såg når den kom nordover Sletta, samtidig som me følgde med røyken frå brannen på Kaien. Eg hugsar at dei hadde vondt av Tore (Eiken) som hadde mista alt dei hadde i brannen. Eg meinar å hugsar at Tore hadde ein fotball som også brann opp. Det syntest me var ekstra trist, for ein fotball var sjeldan vare i dei dagar.

**Eldbjørg Fredriksen Førland – 6 år i 1950:**

– Huska godt den store brannen i 1950. Me ungane i Garvika blei plasserte i stuå til Helena Holme, men dei vaksne sprang rund for å berga ting frå husa. Me såg at dei sto i 2. etasje i Bernhard Uddal sitt hus og heiv ut ting som skulle bergast. Huska og at mange plasserte ting ut i Kjeholmen, dei heiv i båtar og rodde ut. Det var heilt forferdelig; kan endå huska brannlukta.

**Kirsten Størksen Lindøe – nyfødd i 1950:**

– Jeg er født 7. august 1950. Har hørt mye om brannen som var 9. august. Mor var på sjukehuset i by'n og fortalte mange ganger at hun ikke fikk se avisa den dagen. Personalet var redde for at vårt hus var rammet. Slik var informasjonen den gangen.



*Flyfoto av Kaien og Hillesvikjøa 25.08.1961, omlag 11 år etter brannen. (Foto frå Bømlo folkebibliotek).*

**Målfrid Bie Nilssen – 7 år i 1950 og Torfinn Bie – 6 år i 1950:**

– Me hadde vore på båttur med Bie-slekta inn til Leirvik og såg røyken frå brannen lenge før me kom inn Norda Sundet i kveldinga. Det blei ei voldsom roping og skriking, og Bjørn, bror til Torfinn, var veldig redd for at deira hus var brent ned.

**Øyvind Larssen – 12 år i 1950:**

– Alt me eigde gjekk tapt bortsett frå pianoet, som blei slept ut av huset før brannen fekk skikkeleg tak. Dette har Hans Bie Paulsen fortalt. Sjøl huskar eg lite frå branndagen. Den var ei sjokkarta oppleving. Det blei samla inn klær til oss. Blant anna fekk eg ei kortbukse hos Rune Bie som eg blei veldig glad i og brukte heile sommaren.

**Svein Barane – 6 år i 1950:**

– Eg husker sengetøy som blei frakta til Kjeholmen og at husa til Bernhard Udal og Andreas Holme blei tildekka med presenning.

**Åse Paulsen Bergsvik – ½ år i 1950:**

– Mor mi (Else Paulsen) har fortalt at me var i

Garvikjøa hos mormor då brannen starta og at me måtte ro ut Norda Sundet og vestom Espevær for å kome heim. Me leigde då i loftsetasjen i huset til Rakel og Ola Larsen på Svartesjøen. På vestsida kunne ein sjå gneistråket som for over himmelen mot Nordøyane.

**Kåre Mæhle – 4 år i 1950:**

– Me ungane på Holmen sat i haugen og såg over sundet mot Kaien. Eg hugsar godt då arka på huset til Marchus Larssen fall inn. Det var skummelt og gjorde sterkt inntrykk. Etter kvart blei me små plasserte i kjellaren til Fritjof Fylkesnes som låg lenger inne på Holmen. Varmen frå flammene, gneistråket og eksplosjonsfaren ved oljetankane gjorde situasjonen farleg for alle i området.

## Livet etterpå

Etter brannen dreiv Lauritz Larssen AS og Thv. Bie AS samhandel på Bie-butikken i 2-3 månader. Då hadde Marchus Larssen, med god hjelp frå mange, fått sett opp eit lagerbygg på branntomten.





*På Kaien for å sjå på "dampen" rundt 1957.  
(Foto frå Rolf Nesse).*

Der dreiv han handel fram til desember 1952 då det nye handels- og bustadhuset på Kaien stod ferdig.

Etter brannen flytta Marchus Larssen med familie tilbake til huset på Myrastykkjet som dei året før hadde flytta ifrå, men som dei framleis eigde. Huset var då leigd ut til Klara Larssen som budde der med dei to borna sine, Kåre og Randi. Løysinga blei at Klara og borna flytta inn til Karoline Brekke som var mor til Klara. Huset på Myrastykkjet blei dermed ledig for Marchus og familien hans.

Lars Eiken jr med familie flytta inn til Borgny og Arnulf Bie og deretter inn på loftet til Adolf og Ruth Eiken. Seinare fekk familien kjøpa huset til Ledwin Larsen på Ørnahaugjen.

Ledwin Larsen bygde bustadhus med telegrafstasjon på branntomten på den nordre delen av Kaien og flytta dit med familien i 1952. Samstundes blei den nye telegrafstasjonen tatt i bruk.

Elvira Larssen flytte inn på loftet til Maren og Knut Kristiansen inntil ho, i 1951, fekk opp nytt hus på branntomten; då saman med den eine sonen, Bjarne Larssen.

Familiane Peder Pettersen og Otto Troland flytta begge inn i det nye huset til Otto Troland. Dei budde saman der til Peder og Kerry Pettersen i 1951 sette opp nytt hus i Hillesvikjå, men denne gong på andre sida av vegen for huset som brann ned. Seinare bygde sonen Arthur og kona Alise nytt hus på branntomten ved sjøen.

# Oppretting av Espevær Brannvern og bygging av brannstasjon

Etter brannen tok Espevær Fiskarlag raskt opp brannvernsaka på ny. Det blei søkt om pengestøtte hos ulike organisasjonar, og Knut Kristiansen fekk i oppgåve å innhenta råd hos overbrannmeisteren i Stavanger Brannvesen om kva brannsprøyte som kunne vera aktuell for Espevær. Kapasiteten skulle være 800-1000 liter pr. minutt. I oktober 1950 kom det inn tilbud på tre ulike typer brannsprøyte; Goliat IV, Albin-800 og API-110, og brannsjefen anbefalte Albin-800 som den beste.

I 1951 hadde Espevær Fiskarlag fått tilsagn om støtte til brannvern på totalt 15.500 kr frå Bømlo Kommune, Norges Brannkasse, Espevær Gjensidige Assuranceforening, Kvinnherad Branntrygd og Fusa Branntrygd.

I følgje Rolf Nesse var lensmann Henrik Robberstad til god hjelp i arbeidet med å skaffa støttespelarar, spesielt overfor Norges Brannkasse var han ein pådrivar.

Den 23. oktober 1951 fekk Anton Bie brev frå Espevær Fiskarlag v/formannen Lars Størksen der han blei gjort kjent med at han *«var vald til første brannsjef og motorpassar samstundes som han vart pålagt å kalla brannvernet saman for å fordela det arbeidet som vert å gjera»*.

Andre medlemmer var: Andre brannsjef Knut Kvernenes; brannmannskap Marchus Larssen, Ludvig Amundsen, Olav Størksen, Johannes Mæhle, Alf Amundsen, Karl Garvik, Lars Brekke senior, Rolf Nesse, Harald Hansen Løklingholm og Mandrup Larssen.

Det første møte i Espevær Brannvern blei halde den 5. november 1951 i heimen til Anton Bie. Desse deltok:

- Anton Bie, Olav Størksen, Ludvig Amundsen, Harald Hansen Løklingholm, Rolf Nesse, Marchus Larssen, Knut Kvernenes, Karl Garvik, Johannes Mæhle og Alf Amundsen.

Espevær Fiskarlaget følgde Stavanger Brannvesen sitt råd og bestilte den svenske Albin-800 pumpa, og brått sto pumpa på Kaien. Heldigvis hadde ein då fått inn nok pengar til å dekkja kostnaden på 10.163,76 kr gjennom tilskot frå Bømlo Kommune, Norges Brannkasse, Kvinnherad Branntrygd og Fusa Branntrygd. Den 1. januar 1952 viste årsrekneskapet 0 kr i kassabeholdning.

Første halvår av 1952 betra økonomien seg så mykje at ein kunne kjøpe inn ein brannstige, 400 m 2,5 toms brannslange med koplingar og strålerøyr, to presenningar på 8mx6m og diverse mindre verktoy og utstyr.

Det var heile tida ein kamp for å få inn nok pengar. Enkelte utbetalingar var knytta opp mot ferdigstilling og godkjenning av brannstasjonen. Det gjaldt bl.a. 5.000 kr som var innvilga av Norges Brannkasse og Norges Brannvernfond.

Den 17. juni 1953 gjekk styret inn for å ta opp eit lån i Bømlo Sparebank på 5.000 kr til å byggja brannstasjon. Anton Bie, Lars Brekke d.e. og Johannes Mæhle kausjonerte for lånet. Olav Størksen, Alf Amundsen og Marchus Larssen blei utpeika til å få stasjonen bygd snarast mogleg.

På nyåret i 1955 sto brannstasjonen ferdig. Espevær Brannvern ved brannsjefen sende den 10. februar ein søknad til lensmannen i Finnås. Der ba han om fritak frå kravet om mast til tørking av slangar sidan brannvernet hadde god erfaring med å nytte tørkehenger for garn og nøter til dette (Sigve Øritzland si hengje blei brukt). I tillegg bad dei om å få bruka kyrkjeklokkene som brannalarm. Brannvernet ville på den måten kunna spare 2.000 kr som dei dermed kunne bruka til innkjøp av slangevogn, stigar, spadar, bøtter, økser og anna naudsynt småutstyr og verktoy. Brevvekslinga om denne saka er som følgjer:

Norges Brannkasse, 11. mars 1955:

*«På grunn av Deres opplysninger om at slangene kan tørkes i et nothenge, frafaller vi kravet om torkemast, men vi kan ikke gå med på å sløyfe alarmeringen».*

Espevær Brannvern, 18. mars 1955:

*«Etter det vi forstår så ble det fra Espevær Fiskarlag i mai 1951 søkt om å få bruke klokken i kapellet her til å alarmere med, men dette kan vi av de papirer som foreligger,*



ikke se svar på. Vi vil bermed spørre om vi kan få tillatelse til dette, hvis vi ordner med en kasse med glass i, hvori nøkkelen til kapellet kunne henge. Denne måtte oppsettes utfor døren på samme hus. Det måtte kunngjøres hvor nøkkelen var å finne, slik at alle var klar over dette.»

Norges Brannkasse, 25. mars 1955: «En slik varslingsanordning er på ingen måte så tilfredsstillende som en elektrisk sirene, men før vi tar absolutt standpunkt til saken tør vi be opplyst hvordan kapellet ligger i forhold til bebyggelsen».

Espevær Brannvern, 18. april 1955: «Som et svar på deres brev sender vi et prospektkort fra stedet her. Vi har merket av kapellet med + og brannmateriellhuset med o. Som en vil se ligger kapellet og brannmateriellhuset så å si på samme plass, og i meget god beliggenhet med hensyn til tettbebyggelse og avstandene ellers».

Norges Brannkasse, 22. april 1955: «Under de foreliggende omstendigheter kan vi, midlertidig ihverfall, gå med på at klokken i kapellet brukes til å varsle brann med, og for å få gitt varsel uten tidsspille må det være anledning til å ringe med klokken uten å låse opp døren».

Omsider, og etter mykje strev, kunne brannsprøyta og resten av brannvernutstyret flytta inn i eige hus. Fram til den tid hadde dei hatt tilhald på lageret til Thv. Bie AS.

Motoren på brannsprøyta var vanskeleg å starta. Den 10. februar 1955 blei det sendt klagebrev til leverandøren Løwener Mohn: «Fra første gang den blev prøvet har det kun vært en mann som har fått den i gang. Det feiler ikke på kyndige folk, så det er ikke det som gjør det. En slik sprøyte burde gå når hvem som helst stelte med den». «Hvis disse motorene er så vanskelige å starte, så er det iallfall ikke rett å reklamere med at de er lette å starte».



Anton Bie, handelsmann og første brannsjef i Espevær brannvern. Biletet er teke då krambua/ butikken blei gjenopna etter ombygginga i 1963. (Foto frå Målfrid Bie Nilssen).

Svarbrev frå A/S Løwener Mohn 19. februar 1955: «Den sikreste måten å få ordnet saken på er at De skifter magnet fra Wipac til Scintilla Vertex som fabrikkens nå benytter». «Vi tillater oss å foreslå at de bare betaler fraktomkostninger, samt tollbeløpet for den nye magnet».

«Den brukte magnet behøver de selvsagt ikke returnere for De har prøvet den nye».

I same brevet fekk Brannvernet tilbud på ei slange- og reiskapsvogn til 680 kr, ferdig lakkert og med presenning, men den var altfor dyr til å kunne kjøpast inn.



Den 18. mars 1955 blei magneten bestilt ihht til tilbudet og under forutsetning av «at det bare er å sette magneten direkte på plass, uten noe ekstra montering på motoren».

Det blei bedt om at magneten skulle sendast frå Oslo med «Bas» hos Fritjof Kristiansens ekspedisjon. «Da får vi den direkte hertil, og billigste frakt».

Faktura frå 10. mai 1955 viser ein kostnad på 48,35 kr for dette innkjøpet; betalingsfrist 30 dagar. Fakturaen blei betalt den 9. juni 1955. Same dag er det registrert ein særpakke på Posten med adresse Oslo og ei vekt på 4,3 kg. Portoet var på 4,20 kr.

Etter denne hendinga fungerte brannsprøyta betre, men ikkje stabilt. Pumpa blei brukt til lensing av båtar og fylling av brønnar og ved brannen i maskinrommet på «Espevær» i 1958.

Det gjekk tregt med å få brannstasjonen godkjent. Den 20. oktober 1955 gjekk det atter eit brev til lensmannen i Finnås med bøn om godkjenning slik at Espevær Brannvern kunne få utbetalt beløpet frå Norges Brannkasse og Norges Brannvernfond, og dermed vera i stand til å innbetala resten av lånet i Bømlo Sparebank. Slangevogn var då kjøpt inn til ein kostnad på 160,20 kr. Det var ei mjølkekjerre levert av John Skre i Haugesund.

Den 21. november fekk Espevær Brannvern utbetalt restbeløpet på 2.000 kr frå Norges Brannkasse, og den 12. desember 3.000 kr frå Norges Brannvernfond.

Den 17. desember 1955 kunne Espevær Brannvern endeleg betala resten av lånet, 1.183,74 kr, til Bømlo Sparebank.

Etter fem år med mykje strev hadde Espevær fått på plass eit godkjent, privat brannvern som eit av dei første småsamfunna langs kysten.

Anton Bie takka av som brannsjef 28.03.1956, men sa seg villig til å fortsetja som kasserar og styremedlem. Alf Amundsen gjekk inn som ny brannsjef.

Alt arbeid i Espevær Brannvern var uløna fram til 1969 då Bømlo kommune overtok ansvaret for

brannvernet i kommunen. Den lokale brannsjefen fekk då tittelen underbrannmeister, og den første personen i den stillinga var Rolf Nesse. Deretter følgde Kåre Mæhle i 1984 og Inge Larssen i 2005. Sistnemnde sit framleis i stillinga.

I 1985 blei Inger Mari Olsen og Else Tollevik godkjende som dei første kvinnene i brannkorpset på Espevær. Dei blei dermed historiske innan brannvern, iallfall i Bømlo kommune.

Artikkelforfattaren rettar stor takk til Rolf Nesse, lokal hovudforteljar og kunnskapsrik inspirator. Han har eit glimrande minne og kjenner veldig godt til Espevær si historie. Han deltok aktivt i slukkingsarbeidet under brannen og han var med i brannvernet frå starten av og heilt til 1984.

## Kjelder:

Historisk værdata for 9. august 1950:

Data er innhenta hos Meteorologisk Institutt v/Unni Nilssen og Dag Kvamme.

Busetnad på Espevær ved folketeljinga i 1950:

Heimehøyrande 429, tilstades 378, bustader 84.

Data er innhenta hos Bømlo Folkebibliotek ved Astrid Drevland.

## Båtar:

MK «Ramsholm» – eigd av Thorvald Bjarne Bie, Espevær.

MS «Landanes» - eigd av Haugesund Dampskipselskap.

MK «Straumfjord» - leigd frå Stavanger av Lars L. Amundsen, Espevær.

MK «Kvikk V» - eigd av Adolf og Lars Eiken senior, Espevær.

MS «Bas» - eigd av Bas Shipping KS, Sigurd Tollevik, Espevær.

MK «Espevær» - eigd av Thoralf Eiken, Espevær og H. Krohn Brekke, Haugesund.

Arkivmateriale: Espevær Fiskarlag, Espevær Brannvern, Haugesund Dagblad, Haugesunds Avis, Stavanger Aftenblad, Bergens Tidende, Bladet Sunnhordland.

# Den store landslutsaka i Bømmelhamn

Av Helge Hovland

Innimellom alle krigsreportasjane frå inn- og utland den første krigsvåren, kom eg over artikkelen nedanfor i Haugesunds Dagblad av 27. juni 1940. Overskrifta fanga straks mi interesse, og etter å ha lese nokre få setningar, skjøna eg at eg sat inne med ein del innsideinformasjon. Onkelen min, som var ein vitse- og skrønemakar, trakk nemleg stadig fram denne saka ved passande høve på 60- og 70-talet og siterte med stor innlevelse høgt engasjerte vitne i rettslokala.

Saka vart reist i 1939 etter at oppsitjarane på Hovland fekk sperra eit beløp på 1100 kr i landslut hos lensmannen i Finnås som dei ville ha 1/3 av det året og sjølv sagt i framtida. Beløpet ville elles blitt utbetalt til oppsitjarane på Lønning, Bømmelhamn og Lodden (Luten som me seier, men det har ingenting med landsluten å gjera), heretter kalla havnarane. Dette kom truleg som eit sjokk på havnarane. I alle år unnateke eitt år, i 1905, hadde landslut av ulik storleik blitt innbetalt av notlaga til havnarane for landnotfisket i Bømmelhamn. Beløpet ein stridast om, altså 367 kr, er jo latterleg lite sett med dagens auge, men i dei gode sildeåra ein var inne i kunne det bli store summar i framtida. Havnarane skjøna alvor i saka og engasjerte overrettssaksfører Aalvik Pedersen frå Haugesund og saka kom altså opp for Sunnhordland heradsrett i juni 1940.

## Landslutlova

Med den lange fiskehistoria me har hatt her i landet, er det naturleg at me også har ei lang rettshistorie på området. Heilt sidan Gulatingslova og Frostatingslova ca år 900 har me hatt lover og reguleringar om fisket i våre farvatn.

Dette med landslut var ikkje noko nytt fenomen på våre kantar i 1939. Heilt sidan 1600 talet har me hatt lover om landslut bygde på gamal sedvanerett. Ein litt eldre forenkla versjon er denne: Hadde det vore godt landnotfiske, hadde fiskarbøndene, heimefolket, ei lett vunnen fortjeneste, nemleg landslut. Dei sa



Faksimile frå Haugesunds Dagblad 27. juni 1940 om opptakten til saka.

gjerning at dei då "fiska med tørre vottar". Sildefisket gjekk vanlegvis føre seg i vintermånadene som var ei roleg tid for bøndene. Det var ein fin måte å tena pengar på utan noko slitasje på eignedomen, kun sitja i gyngestolen og håva inn landslutpengar samstundes som silda vart håva om bord i oppkjøparbåtane. Landsluten var 3% av brutto fangst for vintersilda. Notlaga måtte betale landslut til dei som åtte strand der notkarane laut ta tau i land. Der det var gode sildevågar kunne det bli ein bra slump med pengar. Landeigarane bytte pengane seg i mellom etter visse reglar som dei i si tid hadde vorte einige om. Den dagen karane kom saman og delte landsluten, vanka det både mat og drykk.

Nedanfor har eg lista opp dei mest sentrale §§ i landslutlova av 1930:

Hovedregelen (landslottloven § 1) sier: «Når land benyttes under saltvannsfiske med kastenot (herunder medregnet snurpenot og ethvert redskap når det brukes som landnot), svares landslott av fiskefangsten.»

Reglene om landslott gjelder også for fiske ved bruk av kunstig lys, når fartøyet som benytter lys er fortøyd til land. Det er unntak fra dette ved fiske av lodde.

Landslotten er som regel 3 prosent av fangstens bruttoverdi, men i visse tilfeller bare 1,5 prosent. Avgiften skal betales i penger, med mindre den berettigede samtykker i å motta fisk. (Landslottloven § 2).

Avgiften tilfaller den eiendommen som er benyttet til utsetning, fortøyning eller landdragning av noten, men skal fordeles mellom bruksnumrene innen vedkommende gårdsnummer i forhold til matrikkelskylden, selv om ikke alle eiendommene er benyttet under fangstarbeidet. (Landslottloven § 3 og § 4).

§ 10. Forskriftene i §§ 1-5 kommer ikke til anvendelse hvis annen bestemmelse er truffet i skylddelingsforretning eller adkomstdokument eller på annen måte.

Det var denne §10 havnarane klamra seg til og som dei meinte ikkje kunne setjast til side av ei ny lov.

I dag nyttast land i liten grad under kystfiske, og det kan vera ei medverkande årsak til at ordninga har mista sin praktiske betydning.

### Historikk og bakgrunn

"Silda e komen! Vinden er nordvest!". Du har kanskje høyrtsagnet bl.a. frå Skipper Worse bøkene eller i TV serien? Dette ropte folk langs kysten når havets sølv nærma seg land. Historisk sett har det vist seg at det kunne gå fleire tiår mellom dei store sildeinnsiga. Då gjaldt det å vera budd med nøter og mannskap og båtar. Dei gode sildeperiodane kunne vara i fleire tiår for så brått å bli borte i fleire tiår. Slik har det visst vore heilt opp til våre dagar. Eg tek med litt tankar om denne fisken sidan havnarane i rettsaka gjorde eit stort poeng av kva terreng silda ikkje ville forvilla seg inn i. Kva er det med vandringsane til denne lunefulle og gåtefulle

fisken? Den har vore gjenstand for både myter og overtru og høgare makters innflytelse. Den har vore til velsigning for breie lag av folket gjennom arbeid, sysselsetjing og verdiskaping, og mest like viktig som poteta for det daglege brød. Dersom du er fascinert av flokkdannelsar og flokkåtferd, enten det er fugleflokkar, bisvermar eller grashoppsvermar, så er ikkje minst vandringsane og disiplinen i ein sildestim ei studie verdt. Både fiskarar og vitskapsmenn har i århundrer prøvd å knekkja sildekoden utan å lykkast heilt.

Det var mange faktorar som måtte stemma for at silda skulle vandra til Sør-Vestlandet for å gyta. Men når temperatur, vind, lys, saltinnhald og straum var korrekt, når fuglane viste teikn på at noko var på gong og silda vart jaga av andre fiskeslag og kval, ja då kunne silda koma inn i fjordane i store mengder. Då kom det notlag frå fjern og nær for å kasta i dei beste kastevågane. Eg har høyrtsagnet at dei beste notlaga og basane kom frå Austevoll, Karmøy og Bømlo, og på Bømlo har havnarane alltid utmerka seg som drivne båtfolk og fiskarar.

Ved Bømmelhamn byrja dei kasteprosessen vanlegvis utanfor det tronge innlaupet til Bømmelhamn. Ein sette då sperrenót frå Litlaholmen til venstre mot utmarka til Lønning og til høgre mot Lutens land. Deretter vart silda drive eller skremt inn gjennom innlaupet til Bømmelhamn der silda vart møtt av ei ny sperrenót mellom kaien i Bømmelhamn og Luten på andre sida. Deretter vart sildestimen omringa med kastenót og snevra inn og låssatt i steng i smulare farvatn ved Luten til oppkjøparane kom og lasta fangsten om bord i oppkjøparbåtane. Hovlandshagen inst i Bømmelhamn vart aldri brukt ifølge havnarane. "Det var heller ikkje naudsynt, for silda ville av instinket ikkje gå inn i den grunne våg med dens lyse botn", hevda havnarane. Men dei som har studert sildestimar nøye, vil hevda at ein aldri kan vita sikkert kor dei vil bevega seg. Ein trong såleis ikkje vera sildeekspert for å konstatera at silda ofte gjekk heilt inn i Vespestadvågen. Såleis var det også at silda i 1905 gjekk heilt inn til Pådl inst i bukta ved Hovlandshagen. Dette var ein kjempestim fanga av eit notlag frå Nordland. Dei måtte ha fleire steng og samla alle gode krefter for å få silda opp, eit arbeid dei heldt på med i fleire veker. I det året fekk hovlendingane landslut, og dette vart eit sentralt punkt i rettsaka som eg vil koma nærare attende til.



Men det var nok rett at silda sjeldan kom inn til Hovlandshagen eller at notlaga nytta Hovlands land til fortøying, ilanddraging eller tørking av nota. Likevel, etter 1905 snakka hovlendingane ofte seg imellom og meinte at dei uansett hadde rett til landslut då landet deira danna stengsel for silda. Dei sperrenøtene ein nytta tidleg på 1900-talet var ofte ikkje djupe nok, så silda kunne smetta under og ut i frihet igjen. Men Hovlands land danna i så fall stengsel i nord og aust, så silda kunne ikkje røma den vegen. Spesielt i dei gode sildeåra tok oppsitjarane på Hovland opp att dette temaet når dei såg kor mykje dei gjekk glipp av i landslutinntekter. Ved fleire høve vart dette nemnt for havnarane. Men i dei tronge økonomiske tidene på byrjinga av 1900-talet, var det få som hadde økonomiske ressursar til å føra ei sak. I tillegg kravdest det ein god porsjon mot og handlekraft å gå til sak mot naboar. Hovlendingane prøvde også fleire gonger å sperra utbetalinga av landsluten til havnarane hos lensmannen, men lensmannen betalte likevel landsluten vidare til havnarane utan at hovlendingane makta å setja makt bak kravet før i 1939.

I 1930 kom det ei ny lov om landslut med merknader og innleiing ført i pennen av bømblingen Knut Robberstad, mangeårig professor i rettshistorie ved Universitetet i Oslo. Han var ekspert på eigedomsrett og ekspropriasjonsrett både på land og ved sjøen, sterkt forankra som han var i den gamle fiske- og bondekulturen. I kjølvatnet av den nye lova kom det opp fleire rettssaker om fordelinga av landslut rundt omkring i landet. Om det var nyheiter i den nye lova som fekk hovlendingane til endeleg å manna seg opp og setja makt bak kravet om landslut, er uvisst. Det kan òg vera at det var ein ny generasjon med fleire sterke talsmenn som endeleg klarte å samla dei 7 oppsitjarane på Hovland, og som meinte at det var tid for handling. Grunneigarar både no og då veit at det å vera grunneigar kan vera krevjande ved at både privatpersonar, andre grunneigarar eller kanskje aller verst, kommunen, med ulike motiv kan utfordra og innskrenka eigedomsretten slik at ein må hegna om den.



*Steng. (Foto: Helge Hovland)*

I dette høvet var det altså at grådige grunneigarar frå Hovland ville setja til side ein gamal sedvanerett som havnarane hadde hatt i generasjonar. Det er ingen som vil mista opparbeidde eller arva rettigheter eller gå ned i løn. At havnarane gjekk til rettsak var høgst forståeleg. Dette var ei prinsippsak og det var aldri snakk om forlik. Dei hadde gode, skjulte kort på hand som dei ville utnytta i rettsaka der utfallet var høgst uvisst.

#### **Heradsrettsaka juni 1940**

Her var det mykje god advokatmat å gå laus på både for ekte advokatar, hobbyadvokatar og andre forståsegpåarar. Overrettssakfører Aalvik Pedersen representerte dei 9 saksøklarane og advokat Bjarne Egge frå Bergen dei 7 saksøkte frå Hovland. Retten gjekk for lukka dører med 3 dommarar. Aalvik Pedersen prøvde først å gjera greie for historikken og fakta sett frå saksøklarane sitt synspunkt. Men er det noko advokatar er flinke til, så er det å trekkja fakta i tvil og sjå saker frå fleire sider, som jo er jobben deira. Advokat Egge klarte difor lett å så tvil om at silda aldri gjekk inn i Bømmelhamn pga. den grunne vågen og lyse botnen ved å visa til at vågen ikkje er grunnare enn at isbåtar på 500-600 tonn kunne gå inn der. Han viste også til at silda ofte hadde gått heilt inn i Vespestadvågen.

Men ved å peika på vikarierende praksis i fordelingsmåte i andre vågar kom saksøklarane på offensiven. Hovlandsfolka nytta nemleg same fordelingsmåte i Langevåg som saksøklarane i Bømmelhamn. I Langevåg vart det kasta ytst i vågen, og oppsitjarane inst i vågen hadde aldri fått landslut. Både i Vespestadvågen og i Vikafjord vart det

fordelt etter den gamle måte. Ein av saksøklarane var i den særleine stilling at han eigde land både i Bømmelhamn og inst i Langevåg der han altså aldri hadde fått landslut. Han sa at om Hovland skulle vinna saka, så ville han vera først i køen saman med vodlarane og andre og krevja landslut i Langevåg. Men var hovlendingane no så utspekulerte at dei ville gi avkall på litt landslut i den dårlege kastevågen Langevåg mot at dei kasta seg over ein mykje meir lukrativ landslut i Bømmelhamn?

Å møta dei andre oppsitjarane auge til auge i retten var sjølv sagt noko heilt anna enn å møta dei i båten, på butikken eller i kyrkja. Blant saksøklarane var det fleire som var godt taleføre og taletrengde. Saksøklarane hevda at det aldri hadde vore uenighet om landsluten i Bømmelhamn og at sedvaneretten alltid hadde råda frå generasjon til generasjon og ikkje kunne bli erstatta av ei ny lov. Dei hevda også at det ikkje var økonomiske tronge kår som hadde stogga hovlendingane frå å reisa sak tidlegare. Hovlendingane var rike, dei fekk landslut frå Langevåg, Tollevik og Bergeseidet og dei hadde dessutan ein sær verdifull og stor skog frå Tollevik og Bergeseidet og langt vestover mot Berge. Dei hadde meir dyrka mark og utmark enn Bømmelhamn, Lønning og Luten til saman. Ein av saksøklarane var så ivrig i sitt innlegg at motpartens advokat Egge spurde om han hadde teke over prosedyren til overrettssakfører Pedersen.

Eit anna poeng som havnarane trekte fram var landsluten som grunnlag for den såkalla matrikkelskylda, og om det var samsvar mellom desse. Litt forenkla kan ein seia at matrikkelskyld var ein slags likningstakst eller eigedomsskatt for ein eigedom. Dette var grunnlag for minst like mykje misnøye då som no. Havnarane hevda at matrikkelstyret påla all matrikkelskylda for landsluten på dei og ingen skyld på hovlendingane. Frå deira syn var dette rettferdig fordi Hovlandshagen var avskore frå avkastning frå landslut i Bømmelhamn. Hovlendingane hevda derimot at dei var ilagt matrikkelskyld for landslut også i Bømmelhamn og at det difor var feil sidan dei aldri fekk landslut derfrå.

Det vart ført fleire sakkyndige vitne med lang og tung kompetanse på landslut både lokalt og frå liknande kastevågar langs kysten. Men ingen av partane fekk nokon fordel av desse vitneforklaringane. Det skapte kun meir forvirring av praksis og fordelingsmåte. Overrettssakfører Aalvik Pedersen skar då klokeleg igjennom og hevda at alt kokte etterkvart ned til om det var den nye lova frå 1930 som skulle gjelda eller om hevdvunnen sedvanerett og "alders tids bruk" var uangripleg. "Gløym kor silda går og ikkje går, ja ho må gjerne ha gått inn til Pådl og meska seg. Gløym om Hovlandshagen dannar stengsel eller ikkje." Men ved å satsa alt på dette kortet at sedvaneretten skulle gjelda, då er rettspraksis at saksøklarane har bevisbyrda og det erkjente advokaten for saksøklarane.

Hadde havnarane i så fall skriftlege bevis på praksisen? I så fall, gjaldt det alle oppsitjarane eller kun enkelte? Ved at havnarane gav avkall på noko av landsluten i det skjebnesvangre kastet i 1905, mista dei dermed sedvaneretten?

Dette og alt anna som hadde blitt framlagt i saka var moment som dei 3 domarane måtte ta standpunkt til den komande veka før domen vart avsagt.



Faksimile frå Bergens Tidende 12. juli 1940.

Som det framgår av overskrifta i Bergens Tidende den 12. juli 1940 vart dei saksøkte oppsitjarane frå Hovland kjent "not guilty". Som nemnt var det 3 domarar og 2 av dei meinte at saksøkjarane ikkje hadde greidd å føra bevis for at "alders tids bruk" skulle gjelda. Det måtte ikkje vera skriftlege bevis, munnlege bevis kunne halda om alle partar var innforstått med at havnarane hadde hevd på landsluten. Blant havnarane var det ikkje tvil om at dei hadde slik rett, men det er ikkje nok. Ein må også inkludera motpartens oppfatning, f.eks slik: Me havnarane er av den oppfatning at me har og alltid har hatt hevd på all landsluten i Bømmelhamn, er det oppfatninga også blant dykk hovlendingar? Svaret på det hadde sidan 1905 alltid vore NEI. Som nemnt tidlegare, hadde hovlendingane gjentatte gonger betvila praksis og kravd landslut ved kontakt med havnarane, og også med lensmannen. Slik kontakt hadde havnarane erkjent.

Mindretalet, dvs. den 3. domaren, ville gje saksøkjarane medhald ved at Hovlands land ikkje danna stengsel for silda og at forhistoria av praktisert landslut var bevis nok.

Kunne dermed Hovland senka skuldrane og sleppa jubelen laus? Ingen av partane vart tilkjent saksomkostningar ved at saka var så tvilsam. Det var eit argument for at motparten kunne anka saka inn for Lagmannsretten. Det ville ta meir tid og meir energi. Eg skal ikkje halda lesaren på pinebenken lenger, men visa til overskrifta i Bergens Tidende av 5. august 1941 med referat frå Lagmannsrettsdomen.

Som overskrifta viser kom Gulating Lagmannsrett til same konklusjon som Heradsretten året før, med omlag same domspremissar. Saksøkjarane møtte med ny advokat, Andrew Haldorsen frå Haugesund. Det vart presentert meir statistikk over omfanget av fisket i Bømmelhamn frå ca. 1850. Omfanget var ikkje så stort og regelmessig då silda hadde uteblitt i fleire lange periodar. Det hadde såleis ikkje festna seg ein klar alders tids bruk. I lagmannsretten var det 5 domarar og voteringa var 3-2. Dermed var saka over.

Det hadde vore ein opprivande strid i ei vanskeleg tid. Utfallet kunne lett ha gått begge vegar i begge rettsinstansar. Og no var alle i same båt ved at dei stod midt i ein mykje alvorlegare krig. Eg vil tru at striden mellom oppsitjarane dermed vart nedtona, livet måtte gå vidare. Ein annan grunn til at striden avtok var at Hovland fekk lite glede av landslutsigeren. I lang tid før krigen hadde utviklinga i fisket gått i retning av fleire og fleire motorbåtar med drivgarn og snurpenot. Og sjølv om det var kjempegode sildeår både på 40- og 50-talet, vart landnotfisket meir eller mindre heilt borte då omtrent all sild no vart fanga frå båt. Landsluten gjekk difor over i historia både i Bømmelhamn og elles langs kysten.



Faksimile frå Bergens Tidende 5. august 1941.

Kjelder:

Odd Volla – Sildefisket gjennom tusen år  
Fiskeri.no  
Store norske leksikon  
Didrik Kittang – Fiske og levesett i gamal tid  
Haugesunds Dagblad  
Bergens Tidende



# Anders Torbjørnsen Laurhammer.

## Bømlingen som ble nordlending

Av Roar Lund

Som en del av min familiehistorie har jeg skrevet om min oldefar, Anders Torbjørnsen Laurhammer, bømlingen som ble nordlending. Han døde 21 år før jeg ble født, og åtte år etter min mor ble født. Derfor visste jeg lite om ham før jeg begynte å grave i bygdebøker, kirkebøker og folketellinger. Ut fra det jeg fant, kunne jeg etter hvert danne meg et bilde av en mann som ble rammet av tragedie etter tragedie i løpet av sine 77 leveår. Jeg tror historien om Anders Torbjørnsen Laurhammer kan ha interesse for langt flere enn hans etterkommere, blant annet fordi den er en historie om sykdom og barnedødelighet i siste halvdel av det nittende og de første tiårene i det tjuende århundre, både på Bømlo og i Bodø. Anders fulgte ni barn og to hustruer til graven, og han opplevde at to av barna emigrerte til Amerika. Som enkemann i 1920 var det bare datteren Helga og hennes lille familie igjen i Bodø som kunne ta seg av ham.

Anders Torbjørnsen Urong var født på gården Urong på Bømlo i 1849. Faren var Torbjørn Endreson Laurhammer (født 1819) og mora var enka på Urong, Marta Hansdatter Hollund, født i 1817. Faren Torbjørn dreiv Uronggården til 1851, så overtok han bruk nr 3 på Laurhammer. Han kjøpte den ene halvparten av stefaren og den andre halvparten arva han av faren.

Da Marta døde, giftet Torbjørn seg på nytt, denne gang med Lisbet Marie Torbjørnsdatter. Det kom ingen barn i andre ekteskap.

Anders hadde seks søsken. To søstre, Marta, født 1844 og Anna, født 1845, døde i løpet av første leveår. Endre, født i 1846, ble 16 år. Ei yngre søster, Marta, født i 1852, vokste opp og ble gift på Nordre Sele på Bømlo. Synneva ble født i 1855, men døde allerede i 1861. Siste barnet i familien var Anna, født i 1859. Anders halv søster, Brita Marie, fra moras første ekteskap døde i løpet av hennes første leveår.

Anders fikk altså tidlig erfaring med død, tap, sorg og savn. Før han var 14 år hadde han opplevd å miste to søsken. I tillegg var to små søstre døde før han ble født.

### Fra Urong til Laurhammer

Da Torbjørn overtok Laurhammer i 1851, hadde han med seg kona, Marta og de to sønnene Endre og Anders. Som nevnt, døde Endre i 1862. I Bømlo bygdebok, bind 1, heter det at Torbjørn, i 1865 fostra seks kyr, ti smaler (sauer), og at han sådde 2 1/2 t. (tønner) havre og 2 t. poteter på Laurhammergården. I 1875 solgte Torbjørn gården til Anders. Faren var da 56 år, Anders 27 år. 17. mai samme år inngikk Anders ekteskap med 28 år gamle «pige» Anne Randine Trøiel fra Staveland på Bømlo. Bare sju måneder seinere, i desember 1875 fikk de sitt første barn, døpt Erik Trøiel, og i desember året etter kom den andre gutten, Tønnes Trøiel, til verden. Deres tredje barn, Marta Tomine, ble født 14. august i 1880.

I Bømlo bygdebok VI av Nils Kalle (1989) skriver forfatteren at barnedødeligheten var skremmende høy. Mellom 1854 og 1863 døde 29,3 % av barna mellom 0 og 1 år, og 37,3 % før de var fem år. Skarlagensfeber var tidligere, særlig på 1700- og 1800-tallet, en nokså hyppig dødsårsak blant barn. De som overlevde den svært smittsomme sykdommen måtte ofte tilbringe flere måneder på et rekonvalesent hjem, og de kunne i noen tilfeller miste syn og hørsel fullstendig



*Andes og Anne Marta Laurhammer med sju av barna, fra venstre: Anna, Helga, Petra, Erik, Astrid, Tønnes og Marta (født på Bømlo i Anders' første ekteskap). Bildet er trolig tatt i 1902.*

Da Marta Tomine var to måneder gammel, rammet den første tragedien den lille familien på Laurhammer. I Ministralbok for Finnås prestegjeld, Bremnes sokn, finner vi at «ægte barn» Erik Trøiel Andersen, Laurhammer døde av skarlagensfeber 14. oktober 1880, bare fire år gammel. Ni dager seinere døde så Tønnes Trøiel Andersen, ennå ikke fylt fire år, av samme sykdom.

Gården Laurhammer ligger rett nord for Storavatnet, Bremnes kyrkje ligger sør for vatnet, i dag en vegstrekning på 2,3 km. På vinterstid, når isen hadde lagt seg, kunne en spare inn ca 1 km ved å legge kirkevegen over isen. Søndag 9. januar 1881, tre måneder etter at hun hadde mistet sine to små gutter, valgte Anne Randine «snarvegen» over isen til gudstjenesten. Men isen bar ikke, og Anne Randine druknet. Igjen satt Anders med ansvaret for fem måneder gamle Marta Tomine.

### **Til Salten etter feitsilda**

I Bømlo bygdebok VI kan vi lese at det var et rikt vårsildfiske på Sør-Vestlandet på første halvparten av 1800-tallet, men at dette svikta mer og mer fram mot 1870. I 1874 var vårsildfisket definitivt slutt. Det var svært vanlig at «bømlingane» kombinerte jordbruk og fiske, og når fiskeressursene forsvant utenfor egen stuedør, måtte de se etter andre muligheter. De fantes i Salten i Nordland.

Bodøhistorikeren Axel Coldevin kaller tiden mellom 1864 og 1885 for «Sildetiden» (Coldevin 1966). I denne perioden var det store innsig av sild til Saltenområdet, først storsild, seinere feitsild. Feitsildfisket kulminerte i 1883, og storparten av fangsten ble tatt i Bodin og Beiarn. Det var gode tider for distriktssenteret Bodø, med økonomisk vekst og stor tilflytting.

Bygdebokforfatteren Nils Kolle siterer en fra Bømlo som deltok i feitsildfiske i Nordland på den tida: «Mange stader var det slik, like fram til hundreårsskiftet, at dersom ein konfirmert kar inkje hadde vore med på Nordland med not, so vart han ikkje rekna forvel for vaksen».

Det sies at Anders reiste på sildefiske i Nordland etter at han var blitt enkemann, men man vet ikke om han reiste som mannskap eller om han reiste for å ta seg arbeid. Han må ha kommet til Salten mellom 1882 og 1884. Det er lite trolig at han dro nordover i 1881, samme år som Anne Randine døde.

Han kan også ha blitt trukket mot Bodø fordi en annen familie fra Finnås prestegjeld alt bodde i byen. Ni år eldre Ole Olsen og hans familie fra Sakseide på Bømlo står oppført i folketellinga i Bodø i 1885.

I Salten må han ha truffet Anne Marta Hansdatter fra Fjær i Kjerringøy. (I folketellinger, bygdebøker og kirkebøker brukes navnene Anna, Ana og Anne). Hun var seks år yngre enn Anders. Anders tok med seg Anne Marta tilbake til Laurhammer. Der giftet de seg 17. mai 1884. Da var Anne Marta trolig tre måneder «på veg», for 18. oktober 1884 kom Erik Trøiel til verden, oppkalt etter sin halvbror som døde bare fire år gammel i 1880.

### **Anne Marta trivdes ikke på Bømlo**

Alt samme året som de giftet seg, flytta de til Bodø. I «Bømlo bygdebok, bind 1 Gards- og ættesoge for Bremnes», 1973, skriver forfatteren, Simon Steinsbø: «Anna treivst ikkje på Laurhammer, so Anders selde og flytta til Bodø i 1884».

I 1885 var det folketelling i Bodø. Her finner vi den lille familien igjen, nå bosatt i Hovedgaden, ei gate som ikke er å finne på et byplankart fra 1885. Kanskje er det skrivefeil for Storgata? Laurhammer brukes ennå ikke som etternavn. Anders Torbjørnsen er nå tømmermann, med oppgitt fødested Finnås, som de to barna Marta Tomine Andersdatter og Erik Andersen. Hustru er Anna Hansdatter, fødested Kjerringø sogn.

Fra 1884 til 1885 var altså yrkesstatusen endret fra gårdbruker til tømmermann. I 1893, da datteren Astrid ble døpt, er yrket «tømmermand». Samme år er han registrert som nyetablert «kjøpmand» i Bodø i en oversikt i Axel Coldevins første Bodø-historie

fra 1937. Det har ikke vært mulig å finne ut hva han arbeidet med de første årene, og hvor han eventuelt var ansatt. I forbindelse med sønnen Thormunds dâp i 1897, er det anført i kirkeboka at Anders fremdeles er handelsmann. I familien fortelles det at han skal ha gått konkurs, og at han seinere betalte tilbake all skyld og gjeld etter konkursen.

I 1892 ble arbeidene med moloen som skulle gi Bodø en trygg og moderne havn, startet. Moloen stod ferdig først i 1904. Anders skal ha vært med på å bygge moloen, men vi vet ikke når. I denne perioden står han igjen oppført som tømmermann i kirkebøkene. Seinere har han vært ansatt ved Bodø skipsverft som tømmermann.

### **Stor barneflokk**

Anders og Anne Marta fikk denne barneflokk: **Erik Trøiel** er det første barnet i Anders sitt andre ekteskap, født på gården Laurhammer på Bømlo i 1884. Han emigrerte til USA i 1905 og døde der 22. november 1960. Han skal vi komme tilbake til seinere.

**Anna Randine** ble født i Bodø 6. januar 1886. Hun bar navnet til Anders' første kone videre. Anna stiftet ikke familie og ble boende i Bodø til hun døde av tuberkulose våren 1920, 34 år gammel.

**Hans Martin** ble født 18. juli 1887. Han døde samme året. Dødsårsak er ikke oppgitt.

**Helga** ble født 31. mars 1889. Hun fikk vokse opp og giftet seg med Arctander Aune i 1918. De fikk to døtre, min mor Randi Kristine, født 30.4. 1919 og Margit Helene, født 5.7. 1920. Helga og hennes familie skal vi komme tilbake til. Helga døde i 13. desember 1954, 65 år gammel.

**Tønnes Trøiel** var født 16. februar 1891. Han var oppkalt etter halvbroren som døde som treåring på Bømlo i 1880. Han døde 15 år gammel i 1906 av tuberkulose.

**Astrid** ble født 24. februar 1893. Hun døde 12 år gammel, 11. mai 1905, av tuberkulose.

**Ingeborg** ble født 9. mai 1895. Hun døde allerede året etter. Dødsårsak er ikke oppgitt. Vi finner ingen opplysninger om dâp i kirkeboka.

**Thormund Mathias** ble født 9. april 1897 og døde i desember samme år. Heller ikke her er dødsårsak oppgitt.

**Petra** ble født 11. april 1909, som det siste barnet til Anders og Anne Marta. Petra fikk bare leve i 13 år. Hun døde av tuberkulose 10. september 1912.



I løpet av femten år, fra 1884 til 1899 fødte altså Anne Marta ni barn. Tre av dem døde i 1896 og 1897, to døde 1905 og 1906, og den siste, Anna, døde i 1920, samme år som Anne Marta døde. Fire barn døde av tuberkulose. Hans Martin, Ingeborg og Thormund døde første leveår. For dem er ikke dødsårsak oppgitt. Tuberkulosen rammet først og fremst ungdommer, så det er lite trolig at disse tre små var smittet.

Tuberkulose er en svært smittsom sykdom som spres gjennom dråpesmitte. Rundt 1900 døde 6-7000 mennesker årlig av sykdommen i Norge. Vaksinasjon mot tuberkulose fikk man først på 1920-tallet. Man hadde ikke medisin mot sykdommen før etter andre verdenskrig. Da kunne legene bruke antibiotika for å kurere tuberkulose. Før dette var eneste behandling lange opphold på tuberkulosesanatorier. Frisk luft og ro var viktige virkemidler.

De som først og fremst ble smittet av tuberkulose, var fattigfolk som bodde trangt og dårlig. Flere barn måtte sove i samme seng, mange barn bodde på samme rom. Leiligheten kunne mangle innlagt vann, og utedo var vanlig. Kostholdet kunne også være ensidig og dårlig.

Vi vet noe om familien Laurhammers boforhold. Vi vet at de under folketellinga i **1885** bodde i Hovedgaden. Kanskje er det Storgata, men vi vet ikke husnummer.

Av folketellinga i **1891** kan vi se at Anders Laurhammer er oppført som huseier i Søgade (Sjøgata), husliste 23/no244. Husnummeret i gata er altså ikke oppgitt. Yrke er hustømmer. Selv om Anders er huseier, bor familien på to voksne og fire barn på ett rom. De deler kjøkkenet med en annen familie.

Under folketellinga i **1900** var adressen Urtegårdsgata 19 og i **1910** Kroghs gate 7 (Trolig Biskop Kroghs gate). Husene ligger i det samme området i Bodø og ble utslettet av tyske bombefly i mai 1940.

### **Tuberkulosen ble familiesykdommen**

I 1900 bestod familien av de to foreldrene og sju barn. I 1910 var de to eldste barna, Marta og Erik emigrert til USA, to var døde, og de tre jentene Anna, Helga og Petra bodde i leiligheten

sammen med foreldrene. Far Anders er 61 år og «tømmermand», mens mor Ane er «Hustru sysselsatt i huset». Hun er 55 år. Leiligheten i Biskop Kroghs gate hadde, ifølge opplysninger fra folketellinga, kjøkken og tre rom.

Som nevnt, døde Petra to år seinere, i 1912, bare 13 år gammel, av «familiesykdommen» tuberkulose.

I 1910 er Anna 24 år og oppgitt yrke er «husgjerning». Det kan bety at hun er hushjelp hjemme. 21 år gamle Helga er «butik pige». I april 1914 får hun vitnemål, eller som det på den tiden heter, testamonium, for å ha «frekventert» J. Clausens «handels, sprog og skriveskole» i tre måneder. Som det står på vitnemålet: «og har den hele tid arbeidet til min tilfredshed, såvel god opførsel, som flid og punktighed angår. Hun er en bestemt og behagelig dame at arbeide med. Hun anbefales på det bedste».

Helga jobbet hos M. Tjærandsen som drev jernvareforretning i Bodø og hos fotograf Louise Engen. Hun var svært aktiv i Frelsesarmeen, som soldat og musikant. Hun spilte blant annet fiolin og stortromme. Kanskje var det i Frelsesarmeen hun traff seks år yngre Arctander Aune, født på Leka i Nord-Trøndelag og oppvokst i Sjøgata 15. Familien Laurhammers mange adresser var alle like i nærheten av Sjøgata. Helga og Arctander giftet seg 31.7. 1918. Nærmest på dagen ni måneder etter, 30. april 1919 blir Randi Kristine født, og 5. juli 1920 kommer Margit Helene til verden. Helga og Arctander fikk ikke flere barn.

1920 ble et særdeles trist år for familien Laurhammer. 30. mai måtte Anders og Anne Marta følge nok et barn til graven. Da døde 34 år gamle Anna Randine av tuberkulose. Det var niende gang Anders mistet et barn og sjettede gang for Anne Marta. Man kan undres på hvordan foreldrene taklet så store og tunge tap. Kanskje finner vi noe av svaret i Ministralbok for Bodø prestegjeld, for 30.11.1920 døde Anne Marta Laurhammer på Rønvik sidsykeasyl, 65 år gammel. «Asylet» var Nord-Norges eneste psykiatriske sykehus. Diagnosen «Melancholia consumptio» er oppgitt som dødsårsak. Melancholia er depresjon. Consumptio er en gammel medisinsk betegnelse på tuberkulose. Randi kan nå, i 2015 huske at hun har hørt at bestemora var «veldig nedfø», men ikke at hun hadde vært innlagt på «asylet». Slikt snakket man ikke om.

### **Alvorlig bestefar**

Etter at Anders igjen ble enkemann, flyttet han inn på et rom i leiligheten til Helga og Arctander i Sjøgata 15. Både Margit og Randi husket ham som en alvorlig mann. Han soknet ikke til Frelsesarmeen, som datteren Helga og hennes svigerfamilie - «han var høykirkelig», leste i Bibelen og gikk til kirke hver søndag, kan de fortelle. Margit kan i 2015 huske ham som en høytidelig og stiv gammel mann som de to småjentene hadde stor respekt for. Han kunne ikke leke og tulle med dem slik som den andre bestefaren, Anton, kunne. Bestefar Anton bodde i andre etasje i det samme huset. Da bestefar Anders døde av hjerteinfarkt i 1926, overtok Randi og Margit hans rom. Det ble deres barneværelse i Sjøgata 15.

Hvordan gikk det så med de to barna som emigrerte til Amerika?

### **Erik Trøiel Laurhammer**

Erik var født på Bømlo, som det første barnet i farens andre ekteskap. Erik vokste opp i Bodø. 20 år gammel, i mai 1905, emigrerte han til USA. Vi finner ham på passasjerlisten til linjeskipet «Tasso» som forlot Trondhjem 10. mai. Han slo seg ned i Chicago, der han etter hvert etablerte sin egen slakterbutikk. Av en udatert artikkel i den norskspråklige avisa «Skandinaven» kan vi lese om da Erik ble ranet av to banditter og stengt inne i «isskabet» i butikken. Da er etternavnet forenklet til «Hammer».

Erik ble gift med Harriet, som trolig kom fra Oslo. De fikk to jenter, den ene døde som barn, den andre, Grace, født i 1917, vokste opp.

Erik besøkte Norge i 1920 og i 1930. Anders besøkte Erik i 1921. I passasjerlista til Stavangerfjord med avgang Trondhjem 29. mars finner vi Anders Laurhammer. Det er oppgitt at han skal til Eric Laurhammer. Den 72 år gamle enkemannen blir i Chicago i ett år.

### **Marta Tomine Laurhammer**

Marta var født i 1880. Hun flyttet med faren, stemora og halvbroren Erik til Bodø da hun var fire år gammel. Også hun utvandret til USA. Og også hun reiste med «Tasso» fra Trondhjem. 29. august 1907 dro hun fra landet med Chicago som oppgitt reisemål. Hun ble gift og slo seg ned i California, der hun etterlot seg en stor familie.

For oss som lever nå, er det vanskelig å forstå at det er mulig å komme gjennom så mange tunge tap som det Anders opplevde, uten å bryte fullstendig sammen. Anders hadde hverken kriseteam eller oppfølgingsapparat etter hvert som tragediene rammet ham og familien. I Bodø var han en trofast kirkegjenger og en flittig bibelleser. Kanskje fant han trøst i troen? Eller kunne han takle tapene fordi døden var en så naturlig del av livet? At små barn døde, måtte man kanskje regne med? At tuberkulosen tok tak i trangbodde familier, hadde flere enn familien Laurhammer opplevd. Hustru Anne Marta klarte ikke tapene. Hun brøt sammen da den 34 år gamle datteren Anna døde. Anne Marta Laurhammer døde som pasient på Nordlands eneste psykiatriske sykehus.

Redaksjonen i Leidarsteidn er er svært takknemlig for å få trykke denne sterke artikkelen om Anders Torbjørnsen Laurhammer og familien hans, skrevet av Roar Lund bosatt i Sauda.

Artikkelen illustrerer veldig godt hvor prøvet enkelte familier kunne være både her på Bømlo og andre steder i landet på slutten av 1800- og begynnelsen av 1900-tallet. Å miste flere barn, slik denne familien opplevde, må ha vært en ubeskrivelig tragedie i en ellers trang hverdag.

Artikkelen er også et godt eksempel på hvor mye en kan finne ut, og hvor langt en kan komme ved hjelp av forskjellige metoder innen moderne slektsgranskning.

Takk til Roar Lund!

# Då søringane stilte med eigen russabil

Av Nils Henning Vespestad

**Litt utpå hausten i 1995 rulla ein gammal, svartmåla Ford Transit med prøveskilt i land i Langevåg. Det neste året skulle bilen setja sitt preg på bygda.**

Ein må sjølvsagt ta visse atterhald, men mykje tyder på at den då 16 år gamle bilen vart den første søring-russabilen på Bømlo. «Reversen» vart namnet, og bilen med ni seter vart i nokre hektiske vårmånader ein rullande samlingsstad for 11 russ. Og me kallar den ein søringbil, trass i at berre fem av dei raudkledd eigarane budde i Hillestveit skulekrins. I tillegg hadde me med oss to frå Lykling, ein frå Steinsvåg og tre frå Sakseid. Kjønnbalansen var seks-fem, med eit lite overvekt gutar. To andre søringar, som også var russ våren 1996, var på si side med i ein rein jentebil heimehøyrande litt lenger nord i kommunen.

Fleirtalet i bilen vår var altså formelt finnåsingar, men me kallar det likevel ein søringbil. «Reversen» høyrte heime på Langevåg, den, der den også vart forvandla frå ein tosetar varebil til ein nisetar festbil gjennom hektiske og noko kalde vinterkveldar, inne i Rubb-hallen som i dei dagar sto utanfor Bømlo Bil.

## Stort kull og fleire klassar

Våren 1996 var Bill Clinton president i USA, Gro Harlem Brundtland statsminister i Norge, og Marit Elisebet Totland hadde vore øvste politiske leiar i Bømlo kommune i eit halvår. Ho var eigentleg lærar ved Bømlo vidaregåande skule, representerte Kristeleg Folkeparti, og vart av tidligare elevar først og fremst hugsa for at det vart ølsal i butikkane på Bømlo medan ho var sitjande ordførar. Varaordføraren var Georg Lønning frå Bygdelista for søre Bømlo, og ein av eigarane av Bømlo Bil.

Me var totalt sju søringar som var russ ved Bømlo vidaregåenda skule denne våren. Dette var fleire enn normalt, men så var då også kullet vårt stort allereie frå starten av. Det vart skrive eit aldri så lite stykke

skulehistorie då 1977-kullet byrja på Hillestveit skule hausten 1984. Me var så mange elevar at skuleleiinga måtte dela oss i ein a- og ein b-klasse. Det hadde knapt skjedd før, og det har heller ikkje seinare vore behov for å gjera noko tilsvarende. Så store, fine barnekull har ikkje bygda fostra sidan.

Kari Vold vart «frøken» i a-klassen, medan me i b-klassen fekk Bergit Alvseike Slettebø. Me hadde Bergit ut barneskulen, med unntak av då ho vart mamma for andre gong og Arne Lid kom inn som vikar i 4. klasse. For øvrig vart elevtalet noko redusert gjennom åra. Men me fekk behalda klasseinndelinga.

Nokon av oss valte Bømlo vidaregåande skule og det som då heitte allmennfagleg studieretning etter at me avslutta skulegangen på Hillestveit. Her vart me delt inn på nytt, denne gong i tre klassar. Jentene vart stort sett samla i a-klassen, med eitt unntak. Ho havna i b-klassen med meg – og fullførte ikkje, utan at ein kan slå fast at dette har nokon samanheng. Den andre og siste søringguten havna i c-klassen. Han vart til gjengjeld russapresident då me kom så langt.

Den vidaregåande skulen heldt på denne tida til i tre gamle brakkebygg i skråninga nedanfor Bremnes ungdomsskule, mot Storavatnet. Me hadde eit stort røyke- og lufteskur, to do på deling og eit inneklima som vel ikkje var ideelt korkje for oss kjekke ungdommar eller lærarane våre etter kvart som pensum vart tøffare og setningane i tysk boka vart mer avanserte enn «Ute hast ein Auto». Eller var det «ha»? Enkelte fag hadde me for øvrig på ungdomsskulen, samt i det tidlegare butikklokalet ved sida av «Krono», der det no er restaurant. Forbipasserande som kom til å kikka inn dei store butikkvindaugo, såg korkje kjolar eller kjøkenutstyr. Nei, her vart dei stirra tilbake på av trøtte ungdommar.





*Klassene 9a og 9b ved Hillestret skule skuleåret 1992/1993.*

*Framme frå venstre: Tor Egil Lønning, Siv Linda Væpstad, Ellen Vold, Heidi Lie, Kåre Olav Howland og Roger Stanland.*

*Andre rekekje frå venstre: Geir Arne Lønning, Nils Henning Væpstad, Eivj Ingbreksen, Kari Hamre, Gerda Larsen, Birgitte Eide, Sigrid Margrethe Holme og Linda Kallenågg.*

*Tredje rekekje frå venstre: Gunnar Meising (lærer), Andreas Strand, Tor Olav Samdal Olson, Trond Kolbjørnsen, Ragnhild Espenik, Linda Elisabeth Ehdarsen,*

*Cecilie Strand, Mari Pedersen, Bjørne Stensen og Lars Lønning.*

*Bake frå venstre: Johan Howland, Celias Eidevik, Øyvind Monsen, Kåre André Eide, Jarle Onarheim, Frode Lønning,*

*Leif Reidar Væpstad, Ronny Pedersen og Bernt Emil Vika (lærer). (Foto: Abbild Halleraker).*



## Førarkort, nybygg – og russabil

Våren 1996, tre måneder etter at Charles og Diana gjekk endeleg kvar til sitt, var 1977-kullet igjen med på å setja lokal historie. Me var det første russakullet som gjekk ut av nye Bømlo vidaregåande skule på Leite. Det var stor stas å få vera med på opninga av nybygget ved skulestart hausten 1995. Underteiknande hadde eit framleis ferskt førarkort i lommeboka, og insisterte på å kjøra til skulen første dag i nytt lokale i ein knall blå Opel Ascona frå 1979 – kjøpt på Lønning. Andre søringar var med i bilen, for ein del av oss haldt saman gjennom alle dei tre åra på vidaregåande. Dermed vart det naturleg at me gjekk saman om å kjøpa oss russabil, og dette vart altså ein Ford Transit – frå same år som Ascona-en.

Me fann bilen i ei avisannonse. Naturlegvis. Dette var før Finn.no og medan internett framleis var noko nytt og ukjent. Ja, faktisk skulle nokre av oss mange månadar seinare, etter å ha fullført vidaregåande, ta turen nord til skulen på Leite for å få lov til å «prøva internett» på datamaskinane på skulebiblioteket. Iallfall: Me fann bilen i ei avisannonse, og reiste over fjorden til Buavåg for å prøva den. Bremsene var dårlege, blindsona til venstre for føraren var imponerande stor, setene lukta ein blanding av olje, eksos og mugg, og dessutan var bilen utan skilt. Den hadde tidlegare vore registrert som varebil, men vart no nytta som ein heller ulovleg festebil av gjengen som eigde den. Ekstra seter var sett inn, så det var godt med sitjeplassar. Me såg på dette som ein russabil med potensial, og berre måtte slå til.



*Truleg det første bilete som finst av «Reversen» på Bømlo. Staden er Rubb-hallen utanfor Bømlo Bil, og tidspunktet er ein gong seint hausten 1995.  
(Alle foto: Nils Henning Vespestad)*



*Før me kunne innreia bilen, måtte den ribbast for inventar. Slik såg den då ut.  
Eit rimeleg bra utgangspunkt for ein fin russabil, dette?*



*Bilen er godkjent av Biltilsynet, og eit strok raudmaling står for tur.  
Bilete er tatt bak Bømlo Bil.*





*Vart ikkje dette ein flott bil, eller kva? «Reversen» i all sin prakt, nymåla og klar til ei hektiske russatid. Takstativet vart imidlertid tatt vekk ganske fort.*

Ja, sjølv om me aldri fann reversen på prøveturen vår, og dermed endte nestan i Valevåg før me klarte å snu, var me entusiastiske då me kom tilbake til ferjekaien. Me slo til, betalte bilen cash, og reiste over fjorden. Dessutan hadde me funne eit namn til bilen vår. På russakorta våre markerte me seinare samhaldet gjennom setningen «Hjelp, kor e' reversen?».

Då var bilen på plass, og ombygging sto for tur. Gjennom vinteren vart alle seta tatt ut for så å bli skrudd skikkeleg fast med stålskuar gjennom golvet. Først hadde me lagt både ei sponplate og golvbelegg, så her vart det fin stil. Baki bilen vart det no ein salong. Den hadde trepanel i tak og vegger, og besto elles av eit sponplatebord med hol i til å putta brusflasker og anna i, omkransa av ein tresetar bakerst og ein tosetar pluss eit einskiltsete mot kjøreretningen bak cockpit. Havna du innerst her, hadde du fint liten kontroll på kor du var i verda. Det var nemleg ingen vindaugo i lasterommet, med unntak av på bak- og sidedøra.

Ved sida av føraren vart det montert ein tosetar, som me hadde henta på bilopphogginga på Stord. Setebelte var ikkje påbudt baki så gamle bilar, og vart difor ikkje prioritert. Men me investerte i ein boks startgass, som måtte til kvar gong bilen skulle startast denne vinteren. Andre naudsynste investeringar var eit låsbart bensinlukk for å hindra sukker og anna søl i bensintanken, og etter kvart ei rekkje Snapples-flasker og mikrovarma pizzahorn inne på bilverkstaden medan me gjorde jobben. Av ein sær sars god sponsor fekk me dessutan eit heilt nytt bremseopplegg, i ettertid vurdert som det kanskje viktigaste bidraget til ei trygg russetid. Etter kalde kveldar i Rubb-hallen, stakk me heim for å pugga tyskgløser, løysa håplause matematikkoppgåver og kobla av med kvalitetsseriar som «Venner for livet» og «Baywatch», samt debattprogrammet «Lønning Direkte».

### **Skilt, disco og P-løyve**

Så var tida komen til at bilen skulle visast for Biltilsynet. Då måtte den fraktast heilt til Stord. Det var glatt om nettene, og me måtte rett og slett ut på bygda og be om å få låna piggedekk for





«Reversen» på plass i Kongeparken sør for Stavanger. Her var det samla sær mange Ford Transit frå 1970-talet.

å komma oss fram og tilbake. Det gjekk til slutt, og jomfruturen med russabilen gjekk like greit. Setefestene vart godkjente – det er godt mogleg at krava var enklare den gongen – og eit av få punkt på mangellista var at ikkje me hadde dekk med same mønster både her og der. Null problem: Piggdekkka skulle uansett av same kveld.

Me fekk altså både registreringsskilt og vognkort på tampen av mars, og kunne for alvor byrja med å klargjera bilen til russefeiringa. Den vart naturleg nok måla raud, og i tillegg ville jentene utstyra den med litt blomar og bier. Jentene var i mindretal, vann naturlegvis fram, og der var «Reversen» på vegen, gitt!

Me hadde eit saftig sponsporbudsjett på minst 10.000 kroner, og «Reversen» framsto som reine sirkusplakaten etter at alle klistremerka med firmalogoar var på plass. Bilen brakte oss trufast til skulen og tilbake igjen dei siste månadane våre som elevar på Bømlo vidaregåande skule. Rektor Kjell Olav Skaret gav oss og resten av russakullet dispensasjon til å parkera bilane rett utanfor skulen, i staden for i steinbrotet nede ved oppkjøringa til Bømløhallen. «Reversen» vart nytta vel så mykje i helgane, mellom søre Bømlo og viktige samlingsstadar som Plattingen, Hilton, Sunnhordland hotel og «Krono». Ein langtur vart det også, heilt til russatreffet i Kongeparken sør for Stavanger. Også ein av dei andre raudrussabilane

på Bømlo tok turen, samt den lokale blårusen. Vel framme sov ein der det var plass, også i bilen. Sær behageleg var det vel ikkje. «Reversen» var dessutan følgebil Storavatnet rundt under russen sitt årlege løp til inntekt for kreftsaka.

Bilen viste godt igjen på vegane, og for dei yngste i bygda var det stas å få russakort av ein så stor samling raudkledde søringar. Ja, me hadde faktisk fått fleire stjerner i boka allereie før bilen var på vegen, og då for måten me delfinansierte bilen på: Dette var i dei dagar då det var fritt fram med til dels fuktige festar i grendahuset. Me leigde derimot grendahuskjellaren for å arrangere rusfritt diskotek for dei eldste i barneskulealder. Tanken var at overskotet av arrangementa skulle nyttast på bilen. Og slik vart det – sjølv om det vel ikkje vart dei heilt store summene. Til det kjørte me så låge prisar at me var sikre på at dei unge ville få lov til å komma, og sett gjennom bedriftsøkonomiske briller gav dette ei sær lav fortjeneste per brusflaske og chipspose. Men langt viktigare: Me vart endå meir samansveisa som russagieng, og me var med på å gje dei unge ein sosial samlingsstad nokre fredagskveldar denne vinteren og våren. Jepp, her var russen sin som tok samfunnsansvar.

### Mobiltelefon, sa du?

På hitlistene herja mellom anna Robert Miles, Fools Garden og Solid Base. Me var ein jordnær gjeng, og spela stort sett Creedence-klassikarar,



*Bømlo-russen er klar for folketogget på Svortland 17. mai 1996.  
«Reversen» til høgre, like før toget startar nedanfor Sams Senter.*

Vamp og Bare Egil Band på ein gammal bilradio med kassettspejar medan me farta rundt. «Stere oanlegget», som me kalla utstyret, var lånt frå ein av russabileigarane. Høgtalarar var det så som så med. Men me var nøgde.

Kuriøst nok finst det ein del bilete frå denne perioden, trass i at dette var før mobiltelefon med kamera var vanleg blant ungdom. Eller mobil som sådan: I vårt kull var det stort sett berre hybelbuarane frå Stord og Fitjar som hadde eigen mobil, og dei var det ikkje mange av. Me andre måtte avtala møtetid og -stad ansikt til ansikt der og då, eller i nokre tilfelle låna fasttelefonen heime. Bileta som finst, er difor tatt med medbrakte kompaktkamera med film i, eller den banebrytande oppfinninga som me for alvor hadde oppdaga: Eingongskameraet. Bileta vart framkalla på Sams Foto, og svært få eignar seg på trykk.

Det såkalla russasleppet var i Åreiddalen 21. april. Så kom den hektiske perioden fram mot og rundt nasjonaldagen. Det er vel ikkje så mykje meir å seie enn at det gjekk i eitt. Sjølve 17. mai starta me med å kasta glans over barnetogget på søre Bømlo. Me trur at både 17. mai-komiteen og bygdefolket elles sette pris på at ein ekte søring-bil var til stades. Iallfall fekk me seinare medalje for god innsats i folketogget – trass i at me ikkje var med i folketogget i det heile tatt. Me reiste nemleg nordover straks

barnetogget hadde toga inn i kyrkja. I Liarbrekko, mellom Lykling og Våge, tok me neste pause for å sjå på 17. mai-toget på Finnås. Også her vart me eit artig innslag i barnetogget. Så gjekk turen lenger nord på øya, der alle russabilane etter kvart var samla i folketogget på Bremnes. Togget endte på gamle Steinsbø skule, og her var det tid for talen til vår eigen russapresident. Så gjekk det slag i slag til ei god stund utpå kvelden 18. mai. Russatida var vel over omtrent då Gina G gjekk på scena i den internasjonale Melodi Grand Prix-finalen i Oslo Spektrum. Du hugsar kanskje «Ooh... Aah... Just a Little Bit», storfavoritten som ikkje innfridde? Norge var for øvrig arrangør etter at Secret Garden vann med «Nocturne» året før.

Så kom eksamen. Og så kom sommarferien. «Reversen» hadde me ikkje lenger bruk for. Den vart selt, med forteneeste, og fortsette i ein periode karrieren som festebil på søre Bømlo. Det vert også fortalt at unge fotballspelarar ved nokre høve vart kjørt til bortekamp i den tidlegare varebilen, noko deira føresette kanskje ikkje sette så stor pris på. Ifølge Statens vegvesen vart bilen avskilta 6. januar 1998. Det vil seia 13. dag jul, det – ein fin dag å kvitta seg med gammal moro.

# Kvar vart det tå dei?

Ved Bertha Marie Eidesvik

Også i år har Leidarsteidn gleda av å presentera to utflytta bømlingar i serien “Kvar vart det tå dei?”. Denne gongen er det Asbjørg Hovland Verpelstad og Nils Kasper Lodden me får vita meir om.

## Asbjørg Hovland Verpelstad, 44 år

Eg vaks opp på Hovland saman med søstera mi Synnøve og foreldra våre, Ingvald og Brit. Rett over ”bakkjen” budde tante Hilborg og søskenbarna våre, Torbjørn, Brith og Morten. Dei var på ein måte ein utvida del av søskena.

Pappa jobba på ferja og mamma var heime. Oppveksten på Langevåg var trygg og god. Det var folk i alle hus og det var alltid nokon heime. Skjedde det noko eller fann me på noko me ikkje burde, så var det alltid ei gammal tante som fekk det med seg. Elles så tilbrakte eg ”halve” oppveksten i ”Vikjå”, hos Gunvor, Arne og Bodil. Dette var min andre heim og der var eg svært mykje.

Eg har mange gode minne frå oppveksten. Me var mykje ute og leika. Eg kan ikkje huske at dei vaksne var med oss, men når me var store nok til ikkje å gå i veien eller kunne hjelpe til, då fekk me av og til vere med dei vaksne. Unntaket frå dette var fine vintersøndagar når dei store vatna fraus, då var ”heile” bygda på isen. Då fann karane fram snabelskeisene eller lengdeløparane. I ”Davidsbrekkå” var det òg folk i alle aldrar når det var snø. Og det var det jo kvar vinter når eg var liten. Om sommaren var det folksamt i Ådlastrandå på fine dagar. Då var det i alle fall ikkje så vanskeleg å få mødrene med oss.

På bedehuset var me mykje. Søndagsskulen høyrde med frå svært ung alder. Der huskar eg best Hildur, Sigfrid og Nelly. Me sat fint på vonde stolar og følgde med på fanellografen. På vei heim te mamma som laga middag, møtte me pappa og dei andre karane utforbi låa te Hildur og Arnt. På bedehuset gjekk me på diverse aktivitetar som yngstes og yngres. Basarar og juletefestar var det mange av. Den einaste juletefesten eg huskar som ikkje var på bedehuset, var nissefesten i gymsalen. Det som sit igjen frå den er Reidar’en utkledd som hest.



*Asbjørg Hovland Verpelstad*

Elles så var somrane lange, solfylte og kjekke. ”Kvar” sommar fekk me Amerikabesøk. Dette var kjempespennande. Då var dei vaksne medgjørlege og blide. Amerikanarane snakka rart, hadde løgne kler og hadde med spennande presangar. I 2-3-4 hektiske dagar vandra me alle frå hus te hus og åt lefsa og anna godt amerikanarane måtte smake.

Det eg òg huskar som kjekt om somrane var å hjelpe Johanna og Olai med ”kydnå”. Når sommaren kom og kyrne slapp ut, var eg ein smule redd dei, men det gjekk seg fort til. Det stod gamle oljefat og badekar utforbi gjerdet vårt som me fylte med vatn på varme dagar. Det var òg kjekt og av og til vere med Johanna å ta dei inn og melke på kvelden.

Når sommarferien var over så var det tilbake på skulen. Eg trur eg kan telje på ei hand eller to dei dagane eg og Anne Merete Strand ikkje gjekk ilag te skulen. Skulevegen var akkurat passe lang te at me



kunne komme oss fort på skulen om morgonen og kunne bruke noko meir tid på vei heim.

Etter 9. klasse gjekk eg eit år på folkehøgskule. Første året på gymnaset på Bremnes budde eg heime, men dei to siste åra budde eg på hybel. Etter gymnaset var eg Au-pair i USA eit år før eg begynte på "sjukepleien" på Stord.

Det som sit mest frå oppveksten på Langevåg, er at alt var trygt, sorglaust og forutsigbart. Forferdelig kjedelig syns eg som 16-17 åring, men ganske greitt når ein ser tilbake på det no.

Langevåg har vel som plasser flest forandra seg med tida. På Hovland er det mange tomme hus og snart er foreldra mine dei eldste på garden. Mange hus er blitt fritidsboligar. Det blir jo litt mørkt og tomt om vinteren, men det er bra at husa vert brukte.

## Nils Kasper Lodden, 47 år

Eg er oppvaksen på Løningsveien, der eg budde saman med foreldra mine, Sten og Hanna (Hannemor), og to yngre søsken, Egil og Dagrunn Elin.

Pappa jobba på ferja og mamma var heimeverande då eg vaks opp. Seinare har ho jobba på sjukeheimen på Bremnes. Nærmaste naboar var Inger og Hans'en. Inger laga verdas beste pannekaker og eg hang rundt hjørnet hos dei for å sjå om det kunne dukke opp nokre godbitar.

Etter å ha budd andre plasser, ser ein at å veksa opp på Bømlo er trygt og godt. Det positive med Langevåg er at "alle" var like. Mens ein i til dømes Oslo har store klasseskilje og ulikheiter, var det ikkje noko rangering på Langevåg relatert til kvar ein budde, kva foreldra jobba med eller om ein hadde "siste skrik" i klede. Det er ei god ballast å ta med seg. Samtidig ser ein at fritidstilbodet var ganske avgrensa dersom ein ikkje dreiv med fotball eller skyting.

For min del gjekk tida med til fotball, skyting og skule. Eg hugsar at me hadde eit veldig bra lag då me var i lilleputtklassen. Den gong delte dei ikkje årsklassane inn i heile år. Skiljet gjekk på vårparten

Hausten 2013 starta eg og mannen min, Frank å restaurere barndomsheimen til pappa på Hovland. Huset hadde stått tomt sidan 70-talet så det var litt å ta tak i. Sommaren 2014 var alt anna enn vatn og straum på plass, men etter kvart kom det òg. No er det verdens kjekkaste plass som me brukar så ofte me kan. Heile sommarferien både i år og i fjor var me der. Det kjekkaste, syns eg, er at Frank og dei to jentene våre er minst like glad i plassen som eg er. Går det meir enn 2-3 veker kjenner me alle at me må ut ein tur. Fast stopp på vegen er handling i Kåså.

Eg bur på Stord og jobbar som avdelingssjukepleiar i Stord Kommune. Me bur på Leirvik og lever eit akkurat passe travelt liv med to jenter på 9 og 12 år. Med dei nye flotte veiene me får på Bømlo no etter kvart, så tar det mindre og mindre tid å komme seg ut til "gamlahuset" på Hovland.



*Nils Kasper Lodden*

ein gong trur eg, og for å vera nok spelarar måtte me ta med Per Sverre, Georg og Alf Kåre, som var fødte tidleg på året. Dei fekk då namnet til nokre andre sambygdingar.

Eg flytta frå Langevåg til Trondheim etter gymnaset i 1988 for å studera på NTH (NTNU).

Deretter studerte og jobba eg i Bergen i to år. Eg har budd i Oslo sidan 1995, og har ein gut på 20 år (Andreas) og ei jente på 17 år (Hanna). Andreas kjører på ski på heiltid i år, medan Hanna går på gymnaset.

Eg har lite fritid, men brukar det litle eg har til å halda meg i form – sykla, gå i fjellet og stå på ski. Å vera i god form er viktig for ei god helse.

Eg har jobba i meklarhus i 20 år – dei første åra som aksjeanalytikar og dei siste 10 åra som rådgivar for bedrifter som enten har behov for finansiering eller som ynskjer å bli selde eller å kjøpe opp andre selskap. I dette yrket jobbar ein svært mykje, men det er veldig inspirerende når ein får jobba med mange flinke folk. Eg har vore så privilegert at eg har fått oppdrag for selskap som Google, Microsoft og Ericsson, og vore med å selja bedrifter som Tele2 (eigde blant anna OneCall), TV2 og Amedia (eigar av Haugesunds Avis).

Etter at eg var ferdig utdanna sivilingeniør, studerte eg vidare på Handelshøyskolen i Bergen. Då fekk eg ein deltidsstilling/sommarjobb i aksjeavdelinga til Vital. Då blei eg hekta og har halde på med dette sidan. Det blir ein litt altoppslukande jobb, som også blir ein hobby.

Med unntak av ei julehøgtid har eg vore på Bømlo kvart år sidan eg flytta. Tidlegare var me ofte heime både i haustferien og påskeferien i tillegg til nokre veker om sommaren. Etter at me fekk hytte på fjellet er me stort sett på Bømlo ei god veke om sommaren i tillegg til jul.

Det eg saknar mest med å bu vekke er familien min og aurefisket på ein hemmeleg stad i skogen. Langevåg har endra seg mykje sidan eg flytta, både når det gjeld gjengroing av bjørk, tal på laksemerdar og båtar hos Eidesvik.

*Redaksjonen i Leidarsteidn  
ynskjer lesarane ei  
God Jul og eit Godt Nyttår!*



*Bak frå venstre: Stina Hope (gift med Anton Grutle og søster til Emil Hope), Peder Kristensen Holme (Kristen-Per'n),  
Anton Grutle, Kristian Steinsvåg (gift med Haldri Hestenes), Kristine Stokkvik.  
I midten frå venstre: Bernt Hestenes, Brynhild Nese (gift Grutle), Haldri Hestenes, Årstein Grutle, Emil Hope.  
Heilt framme: Ragnbild Hestenes, (gift Hatlen i Bergen).  
(Foto frå Bjarne Sørenes)*

*Biletet er tatt av fotograf K. von der Febr i Norheimsund.  
Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad heldt årsmøte i Norheimsund i 1912. Kanskje desse ungdomane  
deltok på årsmøtet og let seg fotografere i samband med møtet?*

Biletskanning og formgjeving: Bernt Emil Vika  
Trykkeri: Leirvik Trykkeri AS  
Opplag: 800 eks.